

Grunnregistreringar for SVR i Rogaland og Vest-Agder



Verneområdeforvaltninga for Setesdal vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde

Rune Søyland og Knut Børge Strøm

Grunnregistreringar for SVR i Rogaland og Vest-Agder

**Verneområdeforvaltninga for Setesdal vesthei
Ryfylkeheiane landskapsvernområde**

Ecofact rapport: 350

www.ecofact.no

Referanse til rapporten:	Søyland, R. og Strøm, K.B. 2014. <i>Grunnregistreringar for SVR i Rogaland og Vest-Agder</i> . Verneområdeforvaltninga for SVR. 61 s.
Nøkkelord:	Litteraturstudie, naturtypar, raudlisteartar, kalkrike område i fjellet, geologi
ISSN:	1891-5450
ISBN:	978-82-8262-348-3
Oppdragsgiver:	Verneområdeforvaltninga for SVR ved Alf Odden
Prosjektleder hos Ecofact:	Rune Søyland
Samarbeidspartnere:	Audun Steinnes, John Inge Johnsen og Ove S. Førland
Prosjektmedarbeidere:	Knut Børge Strøm
Kvalitetssikret av:	Audun Steinnes og John Inge Johnsen
Forside:	Frå Røssdalen, Forsand Foto: Roy Mangersnes

www.ecofact.no


INNHold

1	FORORD	1
2	SAMANDRAG	2
3	INNLEDNING	3
4	METODE	3
4.1	NATURTYPAR	3
4.2	GEOLOGI	5
5	RESULTAT	6
5.1	NYE OG JUSTERTE NATURTYPE SKILDRINGAR FOR OMRÅDE I ROGALAND	6
5.2	NY NATURTYPE SKILDRING FOR OMRÅDE I VEST-AGDER	10
5.3	OVERSIKT OVER REGISTRERTE RAUDLISTEARTAR I DEI AKTUELLE NATURTYPEANE	11
5.4	MOGLEGE NATURTYPELOKALITETER SOM IKKJE ER AVGRENSA I ROGALAND (MED KILDEHENVISINGAR):	11
5.5	FORSLAG TIL OMRÅDE SOM BØR PRIORITERAST I NiN-KARTLEGGING I ROGALAND	12
6	NATURTYPE SKILDRINGAR ROGALAND	13
7	NATURTYPE SKILDRINGAR VEST-AGDER	51
8	REFERANSELISTE MED MERKNADAR	52

1 FORORD

På oppdrag frå verneområdeforvaltninga for Setesdal vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR) har Ecofact gjort litteraturundersøkingar for aktuelle verneområde SVR har forvaltningsansvar for i Rogaland og Vest-Agder. Føremålet med prosjektet har særleg vore å oppdatere naturtypelokalitetar med lite utfyllande skildringar, og å kartfeste og skildre nye lokalitetar ut frå tidlegare undersøkingar. Oppdragsgjevar frå SVR har vore Alf Odden, som takkast for eit spanande prosjekt og relevante opplysningar frå fleire av lokalitetane. Ein stor takk til Audun Steinnes og John Inge Johnsen som har vore behjelpelege med opplysningar, litteratur, kart og krysslister frå dei aktuelle områda. Steinnes og Johnsen har og bidrege med kvalitetssikring av naturtypeskildringane. Elles ein stor takk til Ove Sander Førland for viktige bidrag i form av opplysningar og krysslister for mange av lokalitetane, særleg for lokalitetar som elles har hatt mangelfulle opplysningar.

Januar 2015

A handwritten signature in dark ink, reading 'Rune Søyland'. The script is cursive and fluid, with the first name 'Rune' being more prominent and the last name 'Søyland' following in a continuous line.

Rune Søyland

2 SAMANDRAG

Beskrivelse av oppdraget

Føremålet med undersøkingane har vore å oppdatere naturtypekartlegging innanfor verneområda, basert på eksisterande registreringar. Det har og vore eit mål å få ein god oversikt over relevante naturfaglege og kulturfaglege registreringar som føreligg i Rogaland og Vest-Agder. I tillegg har det vore eit ønskje å få ein betre oversikt over viktige geologiske førekomstar i verneområda. I prosjektet har og ein del papirrapportar blitt skanna slik at desse no finst i pdf-format. Basert på undersøkinga er det og gitt anbefaling om kor det bør prioriterast å setje i gang NiN-registreringar innanfor verneområda. Nye og justerte kartavgrensingar for naturtypelokalitetar er leverte i Shape-format til Fylkesmannen i Rogaland.

Datagrunnlag

Forslag til nye naturtypelokalitetar, som i stor grad må reknast å vere førebelse avgrensingar og skildringar, er i hovudsak skildra ut frå rapportar og registreringar mottekne frå SVR og Fylkesmannen i Rogaland. Registreringar i Artskart per oktober 2014 er og nytta som grunnlag for mange av naturtypeskildringane. Krysslister og opplysningar frå Ove Sander Førland er elles mottekne og nytta for å supplere område med få opplysningar, og har og blitt nytta til å skildre ein ny lokalitet med rik edellauvskog. Særleg for naturtypen Kalkrike område i fjellet er det nytta berggrunnskart som grunnlag for digital avgrensing. Nokre avgrensingar er blitt kontrollerte i felt av Alf Odden i 2014, og områda som har blitt kontrollert har vist seg å stemme ganske godt med førekomstar av rik fjellvegetasjon. For mange av lokalitetane vil nærare undersøkingar i felt vere naudsynt for å få betre avgrensingar. Litteratur for Rogaland er i hovudsak motteke frå SVR og Fylkesmannen i Rogaland, medan det for Vest-Agder har vore lite relevant litteratur tilgjengeleg frå forvaltninga. For Vest-Agder er det henta inn relevante rapportar frå nokre få sentrale ressurspersonar på botanikk og biologiske registreringar i fylket.

Resultat

På grunn av svært mykje grunnlagsinformasjon og registreringar av vegetasjon i verneområda i Rogaland, er det meste av tida nytta til å avgrense og skildre nye naturtypelokalitetar her, i tillegg til at det er laga ei referanseliste for litteratur. Det er lagt inn forslag til 37 nye eller endra naturtypelokalitetar innanfor dei aktuelle verneområda. Nokre område der det kan vere naturtypelokalitetar, men der grunnlaget er noko dårleg for å legge inn førebelse avgrensingar, er omtalte i rapporten. Fjellvegetasjonen i verneområda i Suldal, Hjelmeland og Forsand utgjer den sørvestlegaste utløparen av større område med kalkrik fjellvegetasjon i Norge, og her finst ei rekke kalkkrevjande og sjeldne fjellplanter for Rogaland. Områda er og veksestad for raudlista artar som bergjunker (nær trua), skredmjelt (sterkt trua) og norsk malurt (sårbar). Den rike floraen heng i stor grad saman med rike berggrunnshøve med fyllitt, og til dels kvartsglimmerskifer. Det er og avgrensa fleire lokalitetar med rik edellauvskog. I Vest-Agder er det berre sett av ein ny lokalitet av naturtypen Kalkrike område i fjellet.

3 INNLEDNING

Hovudføremålet med oppdraget har vore å få lagt inn mest mogleg av data i Naturbase der grunnlaget er godt nok i eksisterande rapportar og registreringar. Det har og vore eit mål å få ein god oversikt over relevante naturfaglege og kulturfaglege registreringar som føreligg i Rogaland og Vest-Agder. I tillegg har det vore eit ønskje å få ein betre oversikt over viktige geologiske førekomstar i verneområda. I prosjektet har og ein del papirrapportar blitt skanna slik at desse no finst i pdf-format. Basert på undersøkinga er det og gitt anbefaling om kor det bør prioriterast å setje i gang NiN-registreringar innanfor verneområda. Nye og justerte kartavgrensingar for naturtypelokalitetar er leverte i Shape-format til Fylkesmannen i Rogaland.

Dei aktuelle verneområda SVR har forvaltningsansvar for er:

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsverneområde (fleire kommunar, Rogaland og Vest-Agder)

Dyraheio landskapsvernområde (Suldal)

Kvanndalen landskapsvernområde (Suldal)

Vormedalsheia landskapsvernområde (Hjelmeland)

Lusaheia landskapsvernområde (Hjelmeland)

Frafjordheiane landskapsvernområde (Forsand, Gjesdal og Sirdal)

Holmavassåno biotopvernområde (Suldal)

SVR har dessutan forvaltningsansvaret for *Steinsbuskardet-Hisdalen biotopvernområde* som ligg i Bykle kommune i Aust-Agder, utanfor prosjektområdet.

4 METODE

4.1 Naturtypar

Naturtypar har blitt vurderte etter DN-handbok 13 versjon 2 (2007). Nye forslag til faktaark føreligg for fleire relevante og nye naturtypar, men desse er ikkje nytta i prosjektet. Naturtypar og verdisetjing er gjort etter den gjeldande standarden. For naturtypen Kystmyr A08 kan det verte forandring om denne vert erstatta av den nye naturtypen Oseanisk nedbørsmyr. Nokre få av lokalitetane som er lagt inn som kystmyr kan eventuelt falle vekk om typen ikkje skal vidareførast, men dette er uvisst. Initiativet til naturtypen Kystmyr kom i si tid frå Fylkesmannen i Rogaland, sidan det i fylket er stort press på myrareala. Øvrige naturtypar som er nytta vil vidareførast, sjølv om det kan bli endra kriteriar for verdisetjing og inndeling. Naturtypen Boreal hei som det ligg forslag om vil det truleg vere større område av i dei aktuelle verneområda. I forslag til faktaark er naturtypen skildra som tidlegare avskoga areal i tilknytning til seterområde, som er haldne i hevd med ekstensivt/moderat intensivt utmarksbeite i ettertid, utan at beitepåverknaden har vore sterk nok til at det har blitt utvikla kulturmarkseng anna enn flekkvis.

Naturtypen vert skilt frå kystlynghei ved å ikkje ha vore regelmessig avsvidd. Ut frå lokalkunnskap om verneområda om attgroingshøve vil det truleg vere mogleg å kartfeste fleire aktuelle område for naturtypen Boreal hei, men dette er ikkje blitt gjort i prosjektet. Grensesnittet mellom naturtypen Kalkrike område i fjellet og Boreal hei er og noko uklar, og det kan vere at nokre lågtliggjande deler som no er foreslått som Kalkrike område i fjellet, seinare bør setjast til rik utforming av Boreal hei.

Kalkrike område i fjellet er naturtypen det er laga flest nye avgrensingar og skildringar av. Her er det teke med lokalitetar der det er dokumentert funn av mange kalkkrevjande plantearter. Funna fell som regel saman med kalkrik berggrunn, og WMS-kart av berggrunn i N50 er nytta som hjelpemiddel til avgrensinga der det har vore dekning. Nokre få område er avgrensa ut frå berggrunnskart i N250 som gir svært grove avgrensingar. Den kalkrike fjellvegetasjonen kjem ofte best til uttrykk der det er kalkrike sig eller berggrunnen er forvittra, til dømes i rasmarker. Store område med eksempelvis fyllittberggrunn kan derfor ha fattig vegetasjon, og den kalkrike vegetasjonen førekjem som større eller mindre felt spreidd på den rike berggrunnen. Berggrunnshøva er i stor grad nytta for å avgrense lokalitetar, og det vil derfor vere store delar innanfor avgrensingane som ikkje burde vore tekne med i avgrensingane. Samstundes er areala som SVR forvaltar svært store, og det må reknast som sterkt truleg at det er mange område innanfor avgrensingane som ikkje er blitt undersøkte av botanikarar eller planteinteresserte folk. Kalkkrevjande vegetasjon vil og typisk kunne finnast spreidd i mindre felt i slike større område. I nokre av verneområda er det store felt med rik berggrunn som ikkje er tekne med som naturtypelokalitetar, sidan det ikkje har vore relevante registreringar av kalkkrevjande artar. Nokre få område med berre 2-3 registrerte kalkkrevjande artar er ikkje tekne med som naturtypelokalitetar, men kan potensielt kvalifisere for naturtypar.

For Rogland har særleg samlekrystlister utarbeidde av John Inge Johnsen og Audun Steinnes vore relevante for kalkrik fjellvegetasjon i fleire av verneområda. Samlekrystlistene har teke utgangspunkt i fleire historiske registreringsarbeid, i tillegg til nyare feltregistreringar. I tillegg til samlekrystlister som er baserte på fleire undersøkjingar, er det motteke ei rekkje krystlister særleg frå Suldal. Det er berre teke stikkprøvar frå desse listene, men nøyaktig gjennomgang av desse vil truleg kunne spesifisere artsfunn endå meir detaljert enn i forslaga til naturtypeskildringar. Av hensyn til tidsbruken er desse listene ikkje gått gjennom i detalj. For betre avgrensingar og skildringar vil det truleg vere betre å gjere feltregistreringar i fleire av områda, framfor å fylle på artslistene ut frå eldre registreringar. Nokre av rapportane som er gjennomgått kan kanskje vere grunnlag for å plukke ut fleire område av naturtypen ikkje-forsura restareal, men dette er ikkje blitt prioritert.

Særleg Dahl sine registreringar frå 1906 og 1907 er enno det beste grunnlaget ein har for mange av fjellområda (pers.medd. John Inge Johnsen). For Røssdalen i Frafjordheiane landskapsvernområde har særleg Audun Steinnes si vegetasjonskartlegging, krystlister og rapport frå 1984 vore sentralt. Dette arbeidet bygde vidare på ulike eldre registreringar.

Det førekjem ei rekkje sjeldne fjellplanter for Rogalandsnaturen i dei store verneområda, og i dei einskilte naturtypeskildringane er det gjort forsøk på å trekkje fram nokre av dei aktuelle artane. For mange av områda er det mange sjeldne artar, og oppstillinga av sjeldne artar er dermed ikkje fullstendig. Fleire av dei kalkkrevjande artane er og sjeldsynte i Rogaland, men står ofte berre lista under avsnittet om naturtypar og vegetasjon.

4.2 Geologi

På grunn av at det meste av tida har gått med til naturtypar, er opplysningar om geologiske førekomstar ikkje blitt bearbeidde på noko vis. I referanselista er det ført opp merknadar for rapportar som særleg omtalar geologiske og landskapsmessige høve. Både geologi og landskapshøve er viktige i alle dei aktuelle verneområda, og har vore eit sentralt utgangspunkt for vernet mange stader. Geologi og landskapsformer er omtalte i verneplanar og forvaltningsplanar for verneområda, og i fleire andre dokument. Grundigast omtale og best oversikt finn ein truleg i Abrahamsen, J., Pallesen, P.F. og Solbakken, T. 1972 (82 i referanselista, dekkjer ikkje alle områda) og Anundsen, K. og Holst Sollie, I. 1987 (78 i referanselista).

5 RESULTAT


5.1 Nye og justerte naturtypeskildringar for område i Rogaland

Nye og justerte naturtypelokalitetar er leverte som eiga Shape-fil. For naturtypar med ny skildring utan endring på polygon er det ikkje levert inn polygon i Shapefila. I tabellen under er ein oversikt over nye og endra naturtypar for verneområda i Rogaland. Forslag til faktaark for naturtypane ligg i kapittel 6. Avgrensingar er vist i oversynskart i figur 1-4.


Naturbaseld	Områdenavn (nytt)	Nr	Polygon	Verdi	Naturtype
Hjelmeland					
BN00008793	Ritland	1	Uendra	A	Nordvendt kystberg og blokkmark
BN00008818	Austmannahovudet	2	Uendra	A	Kalkrike område i fjellet
BN00008817	Skardheia	3	Uendra	A	Kalkrike område i fjellet
BN00008851	Stropastøl	4	Uendra	A	Kalkrike område i fjellet
Ny	Stropastølsvatnet vest	5	5	C	Rikmyr
BN00008783	Melands grønahei	6	Uendra	A	Kystmyr
Ny	Ottestølsmyra	7	7	B	Kystmyr
Ny	Nedra Bjørnabumyra	8	8	C	Kystmyr
Ny	Øvre Bjørnabumyrane	9	9	C	Kystmyr
Ny	Nordre Brendeknuten	10	10	A	Kalkrike område i fjellet
Ny	Midtre Brendeknuten	11	11	B	Kalkrike område i fjellet
Ny	Søre Brendeknuten	12	10	B	Kalkrike område i fjellet
Ny	Grånbba	13	13	A	Kalkrike område i fjellet
Ny	Austre Skute	14	14	B	Kalkrike område i fjellet
Ny	Fjellsenden	33	33	C	Kalkrike område i fjellet
Ny	Vassbotnvatnet	35	35	B	Kalkrike område i fjellet
Ny	Tengesdalsvatnet NV - Lensmannshidleren	37	37	B	Rik edellauvskog
Suldal					
Ny	Napen-Fagerstølnuten-Pjåkeheia	15	15	A	Kalkrike område i fjellet
BN00003875	Stranddalen		Endra		Slett gammalt polygon
BN00003912	Kvelven		Endra		Slett gammalt polygon
BN00003912	Stranddalen-Kvelven*	16	Endra	A	Kalkrike område i fjellet
BN00003876	Buarekvelven-Napen-Månastølnuten	17	Endra	A	Kalkrike område i fjellet
Ny	Grønafjellet	18	18	A	Kalkrike område i fjellet
Ny	Litlafjell	36	36	B	Kalkrike område i fjellet
BN00003889	Raudnuten	19	Endra	B	Kalkrike område i fjellet
BN00003882	Hongsnuten	20	Endra		Kalkrike område i fjellet
Ny	Meien-Uravassnutane	21	21	A	Kalkrike område i fjellet
Ny	Kvernaheia	34	34	B	Kalkrike område i fjellet
Ny	Kvanndalen	22	22	A	Kalkrike område i fjellet
Forsand					
Ny	Røssdalen; Skrevlia	23	23	A	Rik edellauvskog
Ny	Røssdalen N	24	24	B	Rik edellauvskog

Ny	Røssdalen sørvest	25	25	B	Bjørkeskog med høgstauder
Ny	Røssdalsvatnet aust	26	26	A	Deltaområde
Ny	Røssdalen; Bastalia	27	27	B	Rik edellauskog
Ny	Røssdalen; Bastalibekken	28	28	B	Rik edellauskog
Ny	Røssdalen nordaust	29	29	B	Rik edellauskog
Ny	Røssdalen; Aslaksreset	30	30	B	Bjørkeskog med høgstauder
Ny	Røssdalen sør	31	31	B	Nordvendt kystberg og blokkmark
Ny	Røssdalen; Aslaksjuvet	32	32	C	Nordvendt kystberg og blokkmark


*Stranddalen-Kvelven (BN00003912); ny avgrensing omfattar både Kvelven (BN00003912) og Stranddalen (BN00003875). Begge dei gamle polygona bør slettast og erstattast av nytt polygon.




Figur 1. Nye naturtypelokalitetar (svart linje) og lokalitetar med endra skildring (1,2,3,4 og 6) i Vormedalsheia og Lusaheia.



Figur 2. Nye og endra naturtypelokalitetar i Kvanndalen og Dyråheio.



Figur 3. Nye og endra naturtypelokalitetar i søre delen av Dyraheio.




Figur 4. Nye naturtypelokaliteter i Røssdalen, i Frafjordheiane landskapsvernområde.

5.2 Ny naturtypeskildring for område i Vest-Agder

Berre ein ny naturtypelokalitet er skildra for Vest-Agder. Elles ligg lokalitet 21 som er ny for Rogaland delvis i Aust-Agder. Mange område som er rike på naturtypar ligg i verneområdet i Aust-Agder, som ikkje vert omfatta av denne litteraturundersøkinga.

Naturbaseld	Områdenavn (nytt)	Nr	Polygon	Verdi	Naturtype
Sirdal					
Ny	Urdalen-Gråmannsfjellet	1	1	B	Kalkrike områder i fjellet

Forslag til lokalitetsskildring for lokaliteten ligg i kapittel 7. Avgrensing er vist i oversynskart i figur 5.



Figur 5. Ny naturtypelokalitet nord for Rosskreppfjorden i Sirdal kommune, i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde.

5.3 Oversikt over registrerte raudlistearter i dei aktuelle naturtypene

Raudlista artar av karplanter, sopp og mosar som er registrerte i dei aktuelle naturtypelokalitetane i rapporten er lista i tabellen nedanfor. Artar merka med * er svært gamle funn.

Norsk navn	Vitenskapeleg navn	RL-kategori
Skredmjelt	<i>Oxytropis campestris</i>	Sterkt truga
Norsk malurt	<i>Artemisia norvegica</i>	Sårbar
Bergjunker/Sørleg bergjunker	<i>Saxifraga paniculata paniculata</i>	Nær truga
Jøkulstorr	<i>Carex rufina</i>	Nær truga
Kvitkurle	<i>Pseudorchis albida</i>	Nær truga
Ullbakkestjerne*	<i>Erigeron eriocephalus</i>	Nær truga
Grannsildre*	<i>Micranthes tenuis</i>	Nær truga
Snøgras*	<i>Phippisia algida</i>	Sårbar
Alm	<i>Ulmus glabra</i>	Nær truga
Ask	<i>Fraxinus excelsior</i>	Nær truga
Ospeskinn	<i>Conferficium ravum</i>	Sårbar
Skorpepiggsopp	<i>Gloiodon strigosus</i>	Nær truga
Gråsvart kremle	<i>Russula albonigra</i>	Nær truga
Falsk brunskrubbe	<i>Porphyrellus porphyrosporus</i>	Nær truga
Flaumrose	<i>Hyocomium armoricum</i>	Sårbar

5.4 Moglege naturtypelokaliteter som ikkje er avgrensa i Rogaland (med kildehenvisingar):

a. Kalkrikt område i fjellet? Side 28 i 11: «Øyastølsmyra med de fossilførende fyllitturene under fjellsida i bakgrunnen». Karplantefloraen i ei fyllittur vil kunne komme inn under denne naturtypen, men ingen naturtype er registrert her. Berggrunnskart i Arealis gir lite hjelp til avgrensing, og det spørres hvor mye utslag fyllitten gir i floraen her. På s 31 er liene her nærmere beskrevet. Pga beliggenhet utenfor sørboreal sone kvalifiserer området trolig ikke til Kilde og kildebekk under skoggrensen A06. Urene her er og omtala i 73; «I urene ved Øyastøl og ved Vassbotnvatn er det en meget rik flora med arter som reinrose (*Dryas octopetala*), svartstarr (*Carex atrata*), hårstarr (*C. capillaris*), bergstarr (*C. rupestris*), fjellsmelle (*Silene acaulis*), rødsildre (*Saxifraga oppositifolia*) og svarttopp (*Bartsia alpina*).» Deler rundt Øyastølsmyra bør trolig registreres som kalkrike områder i fjellet, eller annen naturtype.

b. Store område med fyllitt og kvartsglimmerskifer ligg sentralt i Dyrhaio landskapsvernområde, men har få registreringar av artar i litteratur og Artskart. Truleg er det her fleire stader med vegetasjon som kjem inn under kalkrike område i fjellet. Mange sjeldne fjellplante er registrerte her.

c. Lågtliggjande deler ved Bleskestadmoen. Mange funn av kalkkrevjande arter som tilsier at her kan vere rikmyr eller spennande kulturlandskapsnaturtypar.

d. Myrer i Kvanndalen, Suldal. Omtalt i 69, som igjen viser til Mayer og Botnen 1983. Det er truleg mindre myrar i området som kan kvalifisere for naturtypen rikmyr. Myrane er omtalt slik i 69: «Hovudsakleg fattig eller intermediær myr med vekslende

dominans av flaskestarr, duskull, tranestarr og blankstarr. I nokre myrer, særleg dei med blankstarr og tranestarr styrkar det intermediære preget av eit botnsjikt av kravfulle artar som brunklomose og makkmose. I den fattige typen dominerer torvmosar (Mayer og Botnen 1983.).»

e. Myrer rundt Jonstølen, Suldal. Myrarea er så vidt nevnt i 69, men ikkje skildra. Areal med rik berggrunn ligg på heiane rundt stølen, og med fleire 100 daa myrer her er det stor sjanse for at det kan være rik- eller intermediær myr. Ligg utanfor kystmyrsona.

f. Langs stien mellom Stropastøl (BN00008851) og Skardheia (BN00008817) skal det i følge John Inge Johnsen og Audun Steinnes vere fin kalk-fjellflora, men her er ikkje grunnlag for å avgrense nye lokalitetar. Rogalands einaste funn av koparkismose (*Mielichhoferia elongata*) er og frå Austmannsskardet søraust for Stropastølsvatnet (Artskart, 2008, John Inge Johnsen)

Desse områda kan særleg vere aktuelle å gjere nærare undersøkingar i felten for, både med tanke på NiN-registrering og naturtyperegistrering.

5.5 Forslag til område som bør prioriterast i NiN-kartlegging i Rogaland

Dei kalkrike områda i fjellet som er lagt inn er til dels svært store, og ein må forvente at berre mindre delar av områda med rik berggrunn vil ha rik vegetasjon. Det vil vere interessant å kartleggje eit utval av desse områda i detalj for å sjå kor store andelar som faktisk har rik vegetasjon, og korleis denne rike vegetasjonen går utanfor sjølve berggrunnsområdet med fyllitt eller kvartsglimmerskifer. Samstundes vil det vere noko tidkrevjande å gå nøye gjennom så store areal, men å gjere registreringa nøyaktig på nokre få område vil likevel vere aktuelt.

Elles er det stølsområde der det er uvisse rundt kva naturtypar ein kan finne som kanskje er mest interessant. Frå fleire av dei aktuelle stølsområda er det registrert kalkkrevjande artar, og det kan enno vere ein moglegheit for å finne område med rikmyr eller naturbeitemark. Boreal hei som er nye føreslegen naturtype må ein og forvente å finne rundt stølsområde der attgroinga ikkje har kome for langt. Ein del av områda som no er foreslått som kalkrike område i fjellet, bør kanskje setjast til den nye naturtypen Boreal hei, av rik utforming. Dette kan særleg vere aktuelt for område med rik viervegetasjon, og om det er opne deler der dei krevjande bregneartane er funne. Johnstøl og Bleskestadmoen er kanskje spesielt interessante område, men det er vanskeleg å velje kor ein bør prioritere innsatsen.

Områda som er lista i kapittel 5.4 er elles interessante å få registrert nærare med tanke på både naturtypar og NiN.

6 NATURTYPE SKILDINGAR ROGALAND

Nr. 1 RITLAND

Id: BN00008793

Områdenavn: Ritland

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Rasmark, berg og kantkratt

Naturtype: Nordvendt kystberg og blokkmark B04

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 130 daa

Undersøkt/kjelder: 123. Opplysningar frå John Inge Johnsen. 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 10.02.2003, utan anna skildring enn at det var ei fjellside og moselokalitet. Lokalitetsskildring er justert noko av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokalitetsavgrensinga er ikkje endra. Naturtypen er endra frå Andre viktige forekomstar til Nordvendt kystberg, sidan dette truleg er ein meir passende naturtype. Verdien er ikkje endra.

Stad og naturgrunnlag: Nordvendt skar i vestre del av Vormedalsheia landskapsvernområde, på sørsida av Ritlandstjødnene. Berggrunnen i området består i fylgje NGU av basalbreksje.

Naturtypar og vegetasjon: Naturtypen er endra frå Andre viktige forekomstar til nordvendt kystberg, sidan dette truleg er ei meir passende plassering.

Artsmangfald: Her veks blant anna moseartane hinnetrollmose *Cyrtomnium hymenophylloides* og bogebløgymose *Seligeria recurvata* som er svært sjeldne i Rogaland. Lokaliteten har få registreringar i Artskart, men raudsildre og bergfrue er lagt inn.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Truleg lite påverka skar.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør liggje urørt.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Funn av sjeldsynte moseartar tilseier at det kan vere potensial for andre sjeldne artar med liknande habitatkrav. Verdien er oppretthalden som svært viktig, men lokaliteten bør truleg undersøkast nærare.

Nr. 2 AUSTMANNAHOVUDET

Id: BN00008818

Områdenavn: Austmannahovudet

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 812 daa

Undersøkt/kjelder: 11. Fylkesmannen i Rogaland. 1986. *En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland.*, 9. Lundberg, A. 2012. *Faggrunnlag for dvergmarikåpe, saronnellik, ekornsvingel, islandsgrønkurle, jærflangre, jærtistel og skredmjelt. Årsrapport for 2012 og*

midtvegsevaluering av prosjektet. 122. Registreringar i Artskart, 124. Feltregistreringar i samband med bevaringsmål for skredmjelt og norsk malurt, Knut Børge Strøm og Ove Førland 01.09.2014., 128. Ryvarden, L. & Kaland, P.E. 1968. *Artemisia norvegica funnet i Rogaland (foreløpig meddelelse)*. Blyttia. 26: 75-84.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 10.02.2003, utan nærare skildring enn at område hadde mange sjeldne fjellplanter. Lokalitetsskildring er justert noko av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokalitetsavgrensinga er ikkje endra. Lokaliteten er ein av to kjende veksestader i Noreg for den sterkt truga arten skredmjelt, i tillegg til at norsk malurt finst her.

Stad og naturgrunnlag: Austmannahovudet ligg i vestre del av Vormedalsheia landskapsvernområde, nær Ritland. Berggrunnen består i fylgje NGU av fyllitt.

Naturtypar og vegetasjon: Skredmjelten veks i lågalpin-subalpin hei med krekling, røsslyng, einer, rabbesev og rypebær, men med innslag av kalkkrevjande artar som dvergjamne, bergstorr, reinrose og mosearten storbust (Lundberg, 2012). Dette er artar som tilseier at naturtypen kalkrike område i fjellet er aktuell. Samstundes er det noko rasmark i området. Kornstarr, sauesvingel, heigråmose, reinrose og bergstorr var artar som alle vaks i dei same feltene som skredmjelten, ved ruteanalyser i 2012. Andre artar som er nevnde i rapporten er rabbesev, rypebær, geitsvingel, krekling, blåklokke, kattefot og røsslyng. Kalkkrevjande og/eller interessante planter elles er bergveronika, raudsildre, fjellbakkestjerne, fjelltistel, fjellkvitkurle, bjønnbrodd, taggbregne og vårmarihand (Artskart, Lars Dalen med fleire, 2012 og 2014). Lodnebregne, grønburkne, fjellrapp og blårapp er og registrerte (Artskart, Leiv Krumsvik, 2000).

Artsmangfald: Skredmjelt (EN) veks i ein populasjon rundt 720 moh (Lundberg, 2012). Ni tuver av arten vart registrerte i 2012 (Lundberg). Same år og plass vart det vurdert å vere 5 tuver av Ove Førland, medan Førland og Strøm noterte 7 tuver i september 2014. Førekomsten er truleg lite forandra mellom dei aktuelle åra, men tuvane veks konsentrert og er vanskelege å skilje frå kvarandre (pers.medd. Ove Førland). Elles veks norsk malurt (VU) i lokaliteten. Ei rekkje kalkkrevjande artar er registrert i området, og fleire artar som er sjeldne og mindre vanlege i Rogaland.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Området vert truleg beita av sau, med lett beitetrykk (Lundberg, 2012). Krypande einer førekjem i større deler av området, og fortetting av vegetasjonen er eit trugsmål mot skredmjelten i området.

Skjøtsel og omsyn: Veksestaden for skredmjelt bør overvakast og tiltak for å redusere utbreiinga av einer kan vere aktuelt. Manuell rydding/luking av småbusker kan vere aktuelt. Framhald i moderat beite med sau, som kan motverke attgroing og bidra til mindre erosjonsrras, er gunstig. Overvaking av bløming og fruktsetjing i den avgrensa populasjonen kan vere aktuelt.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: I tillegg til å ha fleire kalkkrevjande planter er dette ein av to kjende vekseplassar for den sterkt truga arten skredmjelt, og området får difor verdi svært viktig. Området er plantegeografisk viktig, som ein sørvestutpost for rik fjellvegetasjon og sørgrense for krevjande fjellplanter.

Nr. 3 SKARDHEIA

Id: BN00008817

Områdenavn: Skardheia

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 1855 daa

Undersøkt/kjelder: 11. Fylkesmannen i Rogaland. 1986. *En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland.*, 80. Steinnes, A. 1988. *Oversikt over botaniske verneverdier i Rogaland.* Økoforsk rapport 1988: 12. Upublisert, 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 10.02.2003, med ei kortfatta skildring; *Stort område rikt på fjellplanter. Flere sjeldne arter, bl.a norsk malurt.* Lokalitetsskildring er justert noko av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokalitetsavgrensinga er ikkje endra.

Stad og naturgrunnlag: Skardheia ligg i Vormedalsheia landskapsvernområde i Hjelmeland kommune. Berggrunnen består i fylgje NGU av fyllitt.

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen i området Skardhei og Storhei er skildra i 11; «Her finnes en meget rik fjellflora med mange sjeldenheter. Her vokser norsk malurt, fjellnøkleblom, snømure, skredarve, bergstarr, bergveronika, brudespore, liljekonvall og rundbelg. En rekke av disse artene har sin sørgrense i Norge.» Kalkkrevjande og interessante artar som er lagt inn i Artskart er mellom anna flekkmure, blankstorr, svarttopp, lodnebregne, småtveblad, fjellbakkestjerne, bakkesøte og hårstorr (Artskart, Ryvarden og Kaland, 1967).

Artsmangfald: Norsk malurt (VU). Snømure, skredarve, fjellnøkleblom og brudespore er mellom artane som må reknast som sjeldne for Rogaland.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Lite opplysningar tilgjengeleg.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få ligge urørt utan inngrep.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdier.

Verdisetjing: Kalkrike område i fjellet med sjeldne og raudlista artar bør ha verdi svært viktig. Området er plantegeografisk viktig, som ein sørvestutpost for rik fjellvegetasjon og sørgrense for krevjande fjellplanter.

Nr. 4 STROPASTØL

Id: BN00008851

Områdenavn: Stropastøl

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 770 daa

Undersøkt/kjelder: 11. Fylkesmannen i Rogaland. 1986. *En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland.* 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 10.02.2003, med ei sparsom skildring; «*Svært rikt planteområde. Fjellnøkleblom, skredarve m.fl. Fin reinrosehei.*» Lokalitetsskildring er justert noko av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokalitetsavgrensinga er ikkje endra.

Stad og naturgrunnlag: Område med kalkrik berggrunn i Vormedalsheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune. Eit belte med alunskifer går gjennom den avgrensa lokaliteten, og gir grunnlag for ein spesiell fjellvegetasjon.

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen i området Skardhei og Storhei er skildra i 11; «Her finnes en meget rik fjellflora med mange sjeldenheter. Her vokser norsk malurt, fjellnøkleblom, snømare, skredarve, bergstarr, bergveronika, brudespore, liljekonvall og rundbelg. En rekke av disse artene har sin sørgrense i Norge.» Videre; «Ved Stråpastøl er det små rikmyrflekke med bl.a. gulsildre. På fastmarka omkring vokser reinrose.» Det er uvisst om dei sistnevnte rikmyrflekkane er tekne med i avgrensinga. Av kalkkrevjande og sjeldne artar elles er taggbregne, marinøkkel, fjell-lodnebregne, snøbakkestjerne, lodnebregne, blåapp, hårstorr, grønburkne, raudsildre, flekkmare, svarttopp, fjellbakkestjerne og fjelltistel mellom artane (Artskart, Ryvarden, 1967). Dei fleste av desse artane er og registrerte i området av John Inge Johnsen i 2001 (Artskart).

Artsmangfald: Norsk malurt (VU), og fleire sjeldne artar som fjellnøkleblom, snømare, skredarve.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Manglar opplysningar.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få ligge urørt utan inngrep.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Kalkrike område i fjellet med sjeldne og raudlista artar bør ha verdi svært viktig.

Nr. 5 STROPASTØLSVATNET VEST

Id: Ny

Områdenavn: Stropastølsvatnet vest

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Myr

Naturtype: Rikmyr

Utforming:

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 48,4 daa

Undersøkt/kjelder: 11. Fylkesmannen i Rogaland. 1986. *En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland.* 122. Registreringar i Artskart

Områdeskildring

Innleiing: Lagt inn med førebels avgrensing og skildring av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Det er truleg at lokaliteten kan innehalde rikmyrsartar og kan kvalifisere for naturtypen rikmyr, men dette er noko uvisst. Ut frå ortofoto ser og området rundt Stråpastøl og Stråpastølsvatnet ut til å vere open hei utan tresetjing, og mest truleg kvalifiserer større deler av dette dalføret for naturtypen boreal hei som no kan bli ny naturtype.

Stad og naturgrunnlag: Ved Stråpastøl i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Naturtypar og vegetasjon: I frå 11; «Ved Stråpastøl er det små rikmyrflekker med bl.a. gulsildre. På fastmarka omkring vokser reinrose». Det er uvisst om desse flekkane med rikmyr er knytt til sjølve stølen eller til myrdraga som viser som myr vest av Stråpastølsvatnet. Det er få registreringar i Artkart som kan knytast til lokaliteten, men seterstorr er registrert på stølsvoll ved Stråpastølen (Artskart, Johnsen, 2001).

Artsmangfald: Uvisst

Framande artar: Uvisst

Bruk, tilstand og påverknad: Myrreal her er truleg utan tyngre inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Må avklarast nærare etter inventering.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det lyt gjerast nærare undersøkingar i felt for å avklare naturtypeverdiar i området. Førebels er verdien sett til lokalt viktig.

Nr. 6 MELANDS GRØNAHEI

Id: BN00008783

Områdenavn: Melands grønahei

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Myr

Naturtype: Kystmyr

Utforming: Velutviklet terrengdekkende myr

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 2307 daa

Undersøkt/kjelder: 11. Fylkesmannen i Rogaland. 1986. *En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland.*, 108. Kryssliste frå Ove Førland. 5869 – Grønaheia – Hjelmeland – Rogaland. 14.07.2007., 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Variert myrområde med innslag av terrengdekkende myr. Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 10.02.2003. Lokalitetsskildring er justert noko av Rune Søyland i desember 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokalitetsavgrensinga er ikkje endra.

Stad og naturgrunnlag: Større myrområde i Vormedalsheia landskapsvernområde. I berggrunnen i området er det mellom anna alunskifer, og litt lenger aust større felt med fyllitt (NGU). Dette kan gje grunnlag for rikare myrvegetasjon, men dette er ikkje skildra frå området.

Naturtypar og vegetasjon: Skildra i 11 slik; *I den vestre del av Melands Grønahei finnes store flatmyrer og svakt hellende bakkemyrer. Terrengdekkende elementer finnes flere steder, men torvlaget er tynt og vegetasjonen er preget av jordvannstilførselen. I utkanten av myrene finnes en rekke fattigkilder. Vegetasjonen er relativt fattig, og har flere alpine innslag. Tilsvarende store urørte myrer finnes neppe i fjellområdene i Rogaland.* Ove Førland har registrert ei rekkje karplanter like aust for lokaliteten. Registrerte artar er knytt til fattig myr, rabbe- og snøleievegetasjon, med artar som storbjønnskjegg, duskmyrull, dvergbjørk, flaskestorr, gråstorr og torvmyrull, rabbesiv, rabbestivstorr, fjelltjæreblom, musøyre, moselyng og teppekildemose, for å nemne nokre artar.

Artsmangfald: Det er svært få detaljar om artsamangfald i lokaliteten. Brearve og snømyrull er lagt inn i Artskart (A. Moen, 1978).

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Myrene her er truleg lite påverka av menneskelege inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Det er hardt beitepress av sau i området, utan at dette er negativt for verdiane knytt til myra.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Større terrengdekkjande myrer utan inngrep er svært sjeldsynte, og berre ut frå størrelsen bør lokaliteten truleg ha verdi svært viktig.

Nr. 7 OTTESTØLSMYRA

Id: Ny

Områdenavn: Ottestølsmyra

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Myr

Naturtype: Kystmyr

Utforming: Velutvikla terrengdekkande myr

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 383 daa

Undersøkt/kjelder: Lagt inn frå ortofoto. 125. Opplysningar frå Alf Odden, 122. Registreringar i Artskart, 16. Moen, A. 1975. *Myrundersøkelser i Rogaland. Rapport i forbindelse med den norske myrreservatplanen*. K. norske Vidensk. Selsk., Mus. Rapp. Bot. Ser. 1975-3: 1 – 126.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Ut frå ortofoto og kart ser dette ut til å vere ei stor myr utan fysiske inngrep, som truleg kvalifiserer for naturtypen kystmyr. Myra ligg i eit område der det truleg er mykje kulturpåverka høgfjellsbeite som kvalifiserer for naturtypen boreal hei. Ut frå terrengkoter kan det vere delar av myra som er terrengdekkjande.

Stad og naturgrunnlag: Større myrområde i Vormedalsheia landskapsvernområde, Hjelmeland kommune, på sørvestsida av Vassbotnvatnet. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone, sterkt oseanisk seksjon (Mb-O3).

Naturtypar og vegetasjon: Ut frå størrelsen kvalifiserer myra truleg for naturtypen kystmyr. Størstedelen av myra er truleg nedbørsmyr. Det ligg nokre registreringar av kalkkrevjande karplanter «n. for Øyastøl» i Artskart (A. Moen, 1971). Det er uvisst om desse funna er knytt til myra. Med artar som breimyrull, gulsildre, hårstorr og gulstorr kan delar av myra vere rikmyr, men dette er uvisst.

Artsmangfald: Ukjend

Framande artar: Ukjend

Bruk, tilstand og påverknad: Myra er lite påverka av tyngre inngrep. Det er attgroing med bjørk i kantane av myra. Det er gjennomført rydding av bjørkeoppslag rundt stølen og delvis i myrareala dei siste åra. Ein traktorveg går over myra fram til Ottestølen. Området vert beita med sau.

Skjøtsel og omsyn: Framhald i rydding for å halde støl og myr open er viktig. Noko auka beitepress kunne vore ynskjeleg.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det lyt gjerast nærare undersøkingar for å fastsette avgrensing, naturtyper og verdi. Ut frå størrelsen på myra er denne førebels sett til verdi viktig.

Nr. 8 NEDRA BJØRNABUMYRA

Id: Ny

Områdenavn: Nedre Bjørnabumyra

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Myr

Naturtype: Kystmyr

Utforming: Blanding mellom nedbørsmyr og jordvannsmyr A0804

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 48 daa

Undersøkt/kjelder: 11. Fylkesmannen i Rogaland. 1986. *En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland.*, 89. Stavanger turistforening 1991. *Hjelmeland. Fra Børøy til Blåfjell.* Stavanger Turistforenings årbok 1991., 125. Opplysningar frå Alf Odden. 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Ut frå ortofoto og kart ser dette ut til å vere ei stor myr utan fysiske inngrep, som truleg kvalifiserer for naturtypen kystmyr. Myra ligg i eit område der det truleg er mykje kulturpåverka høgfjellsbeites som kvalifiserer for naturtypen boreal hei.

Stad og naturgrunnlag: Myr i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Naturtypar og vegetasjon: Frå 11 er myra skildra slik; «Ved Bjørnabu finnes ei flatmyr med elementer av nedbørsmyr, der erosjon ofte har funnet sted, noe som gir et markert skille mellom tuetoppene og den omkringliggende nakne torv. På tuene er dvergbjørk vanlig. Like sør for denne myra ligger ei stor bakkemyr.» Myra er førebels teken med som kystmyr, mellom anna sidan omkringliggjande beiteområde truleg kan kvalifisere for naturtypen boreal hei.

Artsmangfald: Truleg dominert av fattigmyrsartar. 89 omtalar små delar med rikmyr ved Bjørnabu. Ingen registreringar i Artskart per oktober 2014.

Framande artar: Ukjend

Bruk, tilstand og påverknad: Myra har truleg ingen større inngrep. Ein stølsveg går delvis i kanten av myra.

Skjøtsel og omsyn: Rydding av lauvoppslag er aktuelt, og det er truleg ynskjeleg med auka beitepress.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Myra er førebels teken med som lokalt viktig. Nærare inventering er naudsynt for å sjå om lokaliteten kvalifiserer for naturtypelokalitet.

Nr. 9 Øvre Bjørnebumyrane

Id: Ny

Områdenavn: Øvre Bjørnebumyrane

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Myr

Naturtype: Kystmyr

Utforming: Jordvannsmyr A0803

Verdi: C

Utvald naturtype:

Areal: 59 daa

Undersøkt/kjelder: 11. Fylkesmannen i Rogaland. 1986. *En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland*. 89. Stavanger turistforening 1991. *Hjelmeland. Fra Børøy til Blåfjell*. Stavanger Turistforenings årbok 1991. 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Ut frå ortofoto og kart ser dette ut til å vere ei stor myr utan fysiske inngrep, som truleg kvalifiserer for naturtypen kystmyr. Myra ligg i eit område der det truleg er mykje kulturpåverka høgfjellsbeites som kvalifiserer for naturtypen boreal hei.

Stad og naturgrunnlag: Myr i Vormedalsheia landskapsvernområde.

Naturtypar og vegetasjon: Frå 11 er myrane i området skildra slik; «Ved Bjørnabu finnes ei flatmyr med elementer av nedbørsmyr, der erosjon ofte har funnet sted, noe som gir et markert skille mellom tuetoppene og den omkringliggende nakne torv. På tuene er dvergbjørk vanlig. Like sør for denne myra ligger ei ca stor bakkemyr.» Myra er førebels teken med som kystmyr, mellom anna sidan omkringliggjande beiteområde truleg kan kvalifisere for naturtypen boreal hei.

Artsmangfald: Truleg dominert av fattigmyrsartar. 89 omtalar små område med rikmyr ved Bjørnabu. Ingen registreringar i Artskart per 2014.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Myra har truleg ingen større inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Må avklarast etter nærare inventering.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Myra er førebels teken med som lokalt viktig. Nærare inventering er naudsynt for å sjå om lokaliteten kvalifiserer for naturtypelokalitet.

Nr. 10 Nordre Brendeknuten

Id: Ny

Områdenavn: Nordre Brendeknuten

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 297 daa

Undersøkt/kjelder: 18. www.botanikk.no. 122. Registreringar i Artskart, 125. Opplysningar frå Alf Odden.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Særleg mange sjeldne og kalkkrevjande fjellplanter er registrert her av Leif Ryvarden i 1966 (Artskart).

Stad og naturgrunnlag: Nordre Brendeknuten ligg i austre del av Vormedalsheia Landskapsvernområde i Hjelmeland kommune. Området ligg frå rundt 1000 moh opp til toppar på 1091 og 1088 moh. Lokaliteten er blitt avgrensa ut frå berggrunnskart i N50 frå NGU, og eit større felt dominert av den kalkrike bergarten fyllitt er teke med i avgrensinga. Mindre felt med fyllitt ligg nordaust og vest for lokaliteten, men dei er ikkje tekne med i avgrensinga. Vegetasjon og avgrensing vart undersøkt av Alf Odden i felt sommaren 2014, og avgrensinga ser ut til å stemme godt med utbreiinga av kalkkrevjande vegetasjon. Avgrensinga kan truleg reknast som god.

Naturtypar og vegetasjon: Det er gjort ei rekkje funn av sjeldne og kalkkrevjande fjellplanter som tilseier at naturtypen kalkrike område i fjellet stemmer. Av kalkkrevjande eller noko basekrevjande artar fann Ryvarden fjellstorr, dvergsoleie, flekkmure, fjellsmelle, bergveronika, blankstorr, svarttopp, reinrose og fjellbakkestjerne.

Artsmangfald: Bergjunker (NT) er funnen i dette området men det er uvisst om han veks innanfor avgrensinga. Det er truleg at han finst i sørvestvende hellingar i lokaliteten. Elles er det funne ei rekkje kalkkrevjande og fleire sjeldne artar av fjellplanter i området. Utanom dei kalkkrevjande artane kan artar som høg fjellskarse, bekkesildre, stjernesildre, snøsildre, tuesildre, brearve, tuearve, mjukrapp, snøveronika (*V. alpina*), fjelltjøreblom, dverggråurt og aksfrytle trekkjast fram.

Framande artar: Ukjend

Bruk, tilstand og påverknad: Høgtliggjande område som truleg har lite påverknadar. Moderat sauebeite.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få liggje utan inngrep. Ved sauebeite er det viktig at beitepresset ikkje blir for høgt i slike område.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det bør gjerast nye feltregistreringar for å undersøkje avgrensing og verdisetjing, men det er truleg at området tilfredsstiller krava til svært viktig.

Nr. 11 Midtre Brendeknuten

Id: Ny

Områdenavn: Midtre Brendeknuten

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 471 daa

Undersøkt/kjelder: 18. www.botanikk.no, 122. Registreringar i Artskart, 125. Opplysningar frå Alf Odden.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007).

Stad og naturgrunnlag: Midtre Brendeknuten ligg i austre del av Vormedalsheia Landskapsvernområde i Hjelmeland kommune. Området ligg frå rundt 1050 moh opp til toppen som er på 1133 moh. Lokaliteten er blitt avgrensa ut frå berggrunnskart i N50 frå NGU, og eit større felt dominert av den kalkrike bergarten fyllitt er teke med i avgrensinga. Vegetasjon og avgrensing vart undersøkt av Alf Odden i felt sommaren 2014, og avgrensinga

ser ut til å stemme godt med utbreiinga av kalkkrevjande vegetasjon. Avgrensinga kan truleg reknast som god.

Naturtypar og vegetasjon: Ut frå at det her er fyllitt i berggrunnen er det grunnlag for kalkkrevjande vegetasjon som kjem inn under naturtypen kalkrike område i fjellet. Alf Odden opplyser at fleire kalkkrevjande artar veks her, men det er ikkje laga artsliste. Ei rekkje kalkkrevjande og sjeldne fjellplanter er funne ved Nordre Brendeknuten, men det er mindre informasjon om vegetasjonen i denne lokaliteten.

Artsmangfald: Bergjunker (NT) er registrert her i 2009 (Artskart, Per Kristian Austebø).

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Høgtliggjande område som truleg har lite påverknadar. Moderat sauebeite.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få liggje utan inngrep. Ved sauebeite er det viktig at beitepresset ikkje blir for høgt i slike område.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er uvisst kva verdi lokaliteten bør ha, men det er påvist ein raudlista art. Førebels er verdien sett til viktig.

Nr. 12 Søre Brendeknuten

Id: Ny

Områdenavn: Søre Brendeknuten

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 383 daa

Undersøkt/kjelder: 18. www.botanikk.no, 122. Registreringar i Artskart, 125. Opplysningar frå Alf Odden.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Det er få registreringar av karplanter frå området, men ut frå berggrunn og funn av ei rekkje kalkkrevjande og sjeldne fjellplante i nærområdet, er det truleg at lokaliteten kjem inn under kalkrike område i fjellet.

Stad og naturgrunnlag: Søre Brendeknuten ligg i austre del av Vormedalsheia Landskapsvernområde i Hjelmeland kommune. Området ligg frå rundt 1000 moh opp til toppen som er på 1093 moh. Lokaliteten er blitt avgrensa ut frå berggrunnskart i N50 frå NGU, og eit større felt dominert av den kalkrike bergarten fyllitt er teke med i avgrensinga. Sidan avgrensinga er basert på berggrunnskart er denne noko usikker. Avgrensinga er og basert på opplysningar frå Alf Odden i 2014. Område med kalkkrevjande vegetasjon kan og ligge i nerkant av rasmark utanfor område med rik berggrunn, og rik vegetasjon vil i varierende grad finnast innanfor område med rik berggrunn. Søre delen av området er undersøkt av Alf Odden sommaren 2014, og her ser avgrensinga ut til å stemme godt i høve til utbreiing av kalkkrevjande vegetasjon.

Naturtypar og vegetasjon: Dei kalkkrevjande artane bergveronika og gulsildre er funne her i 1966 (Artskart, Leif Ryvarden). Elles fann han mjukrapp og bekkesildre. Ut frå opplysningar frå Alf Odden er det fine område med kalkkrevjande vegetasjon her, som kjem inn under naturtypen kalkrike område i fjellet.

Artsmangfald: Mjukrapp er sjeldsynt i Rogaland.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Høgtliggjande område som truleg har lite påverknadar. Moderat sauebeite.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få liggje utan inngrep. Ved sauebeite er det viktig at beitepresset ikkje blir for høgt i slike område.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er uvisst kor store deler som eventuelt kvalifiserer for naturtypen. Førebels er verdien sett til viktig.

Nr. 13 Grånibba

Id: Ny

Områdenavn: Grånibba

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 210 daa

Undersøkt/kjelder: 18. www.botanikk.no, 109. Kryssliste frå Ove Førland. 6173 – Grånibba – Hjelmeland – Rogaland. 13.07.2007., 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i desember 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Ei rekkje kalkkrevjande og mindre vanlege artar er registrert her av Ove Sander Førland 13.07.2014, og kryssliste frå denne registreringa gjer grunnlag for å skildre lokaliteten.

Stad og naturgrunnlag: Grånibba ligg i austre del av Vormedalsheia Landskapsvernområde i Hjelmeland kommune. Området ligg frå rundt 950 moh opp til toppen som er på 1020 moh. Lokaliteten er blitt avgrensa ut frå berggrunnskart lagt ut på www.botanikk.no, og eit større felt dominert av den kalkrike bergarten fyllitt er teke med i avgrensinga. Sidan avgrensinga er basert på berggrunnskart er denne noko usikker. I følgje Ove Førland var det særleg rundt toppen og på austsida av denne at den rike vegetasjonen var konsentrert, med ein del spredte sig litt lenger nede. Område med kalkkrevjande vegetasjon kan og ligge i nerkant av rasmark utanfor område med rik berggrunn, og rik vegetasjon vil i varierende grad finnast innanfor område med rik berggrunn.

Naturtypar og vegetasjon: Berggrunnen er dominert av fyllitt og området kjem inn under naturtypen kalkrike område i fjellet. Ove S. Førland har her registrert ei rekkje kalkkrevjande og mindre vanlege artar, mellom anna bergveronika, blårapp, dvergjamne, fjellkastanjesiv, fjellsmelle, fjelltistel, fjelltrillingsiv, fjellveronika, flekkmure, grønburkne, myrblankstorr, reinrose, raudsilde, svartstorr, svarttopp og taggbregne. Han fann og sørleg bergjunker (NT) og ein oseanisk art som stor strandkjempe.

Artsmangfald: Jøkulstorr (NT) vart funnen her av Leif Ryvarden i 1966, og bergjunker (NT) av Ove Førland i 2007. Lokaliteten har ei rekkje kalkkrevjande og mindre vanlege artar.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Høgtliggjande område som truleg har lite påverknadar. Moderat sauebeite.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få liggje utan tyngre inngrep, med moderat beitepress av sau.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Ut frå funn av ei rekkje kalkkrevjande artar og to raudlisteartar kvalifiserer truleg store delar av lokaliteten for verdi svært viktig.

Nr. 14 Austre Skute

Id: Ny

Områdenavn: Austre Skute

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 2910 daa

Undersøkt/kjelder: 18. www.botanikk.no og 122. Registreringar i Artskart

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Det er fleire registreringar av kalkkrevjande karplanter frå området, men ut frå fyllittberggrunn er det truleg at lokaliteten kjem inn under kalkrike område i fjellet.

Stad og naturgrunnlag: Austre Skute ligg i nordvestre hjørne av Lusaheia Landskapsvernområde i Hjelmeland kommune. Området ligg frå rundt 1050 moh opp til toppar som er på 1112 moh (Heimre Skute), 1129 og 1158 moh (Austre Skute). Lokaliteten er blitt grovt avgrensa ut frå berggrunnskart N50 (NGU), og fleire større felt dominert av bergarten fyllitt er tekne med i avgrensinga. Sidan avgrensinga er basert på berggrunnskart er denne noko usikker. Lokaliteten er svært stor og det er truleg berre mindre delar som kvalifiserer for den aktuelle naturtypen.

Naturtypar og vegetasjon: Ut frå berggrunn dominert av fyllitt er det truleg at området kjem inn under naturtypen kalkrike område i fjellet. Det finst fleire registreringar av kalkkrevjande artar frå området; blankstorr (Rolf Meling, Artskart, 1982), fjellbakkestjerne, hårstorr, flekkmure, bergveronika, gulsildre og reinrose (Leif Ryvarden, Artskart, 1966).

Artsmangfald: Det er ikkje kjent raudlista artar herifrå, men ut over kalkkrevjande artar som lista over er interessante og sjeldne artar som bakesøte, dverggråurt, mjukrapp, tuesildre, raudsildre, aksfrytle, snøsildre og snøveronika (*V. alpina*).

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Høgtliggjande område som truleg har lite påverknadar. Moderat saubeite.

Skjøtsel og omsyn: Må vurderast nærare etter inventering.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er uvisst kor store deler av lokaliteten som kvalifiserer for naturtypen, og kva verdi han bør ha. Førebels er lokaliteten verdsett til viktig.

Nr. 33 FJELLENSEN

Id: Ny

Områdenavn: Fjellsenden

Kommune: Hjelmeland
Hovednaturtype: Fjell
Naturtype: Kalkrike område i fjellet
Utforming:
Verdi: C
Utvald naturtype:
Areal: 4228 daa
Undersøkt/kjelder: 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Det er fleire registreringar av kalkkrevjande karplanter frå området, og ut frå fyllittberggrunn er det truleg at lokaliteten kjem inn under kalkrike område i fjellet.

Stad og naturgrunnlag: Fjellsenden ligg i austre del av Vormedalsheia Landskapsvernområde i Hjelmeland kommune. Området ligg grovt rekna frå 950 moh opp til toppar som er opp til 1101 moh. Lokaliteten er blitt grovt avgrensa ut frå berggrunnskart N250 (NGU), og eit større felt dominert av bergarten fyllitt er teke med i avgrensinga. Det er ikkje dekning på berggrunnskart i N50, og avgrensinga er derfor svært grov. Lokaliteten er svært stor og det er truleg berre mindre delar som kvalifiserer for den aktuelle naturtypen.

Naturtypar og vegetasjon: Ut frå berggrunn dominert av fyllitt er det truleg at området kjem inn under naturtypen kalkrike område i fjellet. Det finst fleire registreringar av kalkkrevjande og noko basekrevjande artar frå området; bergveronika, flekkmure, blankstorr, hårstorr, raudsildre og fjellbakkestjerne (Artskart, Ryvarden, L. 1966).

Artsmangfald: Det er ikkje kjent raudlista artar herifrå, men ut over kalkkrevjande artar som lista over er interessante og sjeldne artar som snipestorr, dverggråurt og aksfrytle funne her. Det er uvisst kor godt området er undersøkt.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Høgtliggjande område som truleg har lite påverknadar.

Skjøtsel og omsyn: Må vurderast nærare etter inventering.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er uvisst kor store deler av lokaliteten som kvalifiserer for naturtypen, og kva verdi han bør ha. Førebels er området verdisett som lokalt viktig.

Nr. 35 VASSBOTNVATNET

Id: Ny
Områdenavn: Vassbotnvatnet
Kommune: Hjelmeland
Hovednaturtype: Fjell
Naturtype: Kalkrike område i fjellet
Utforming:
Verdi: C
Utvald naturtype:
Areal: 504 daa
Undersøkt/kjelder: 73. Marker, E. 1974. *Landsplan for verneverdige områder og forekomster (Rogaland – botanikk)*. Miljøverndepartementet., 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Førebels lokalitetsavgrensing og -skildring er laga av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Det er fleire registreringar av kalkkrevjande karplanter frå området, men ut frå fyllittberggrunn er det truleg at lokaliteten kjem inn under kalkrike område i fjellet, eventuelt under sørvendt berg og rasmarek.

Stad og naturgrunnlag: Vassbotnvatnet ligg i vestre del av Vormedalsheia Landskapsvernområde i Hjelmeland kommune. Lokaliteten er blitt avgrensa ut frå omtale av rik vegetasjon her i Marker (1974), og ut frå at det i berggrunnskart ligg eit belte med fyllitt langsmed kanten rundt Vikestølheia og ura ned mot Vassbotnvatnet. Det er ikkje dekning på berggrunnskart i N50, og avgrensinga er derfor svært grov. Fyllittbeltet går og via myrer rundt Vikestølen, og det er her stor moglegheit for at det kan vere rikmyr. Nokre av dei største myrane her er tekne med i avgrensinga, men bør undersøkjast nærare for å avklare om dei kvalifiserer for eigen naturtype. Avgrensing må reknast som førebels. Eit belte med fyllitt går og på sørsida av vatnet, og rik vegetasjon kan og finnast her.

Naturtypar og vegetasjon: Ut frå berggrunn dominert av fyllitt er det truleg at området kjem inn under naturtypen kalkrike område i fjellet. Frå Marker (1974) er området omtalt slik; «*I urene ved Øyastøl og ved Vassbotnvatn er det en meget rik flora med arter som reinrose (Dryas octopetala), svartstarr (Carex atrata), hårstarr (C. capillaris), bergstarr (C. rupestris), fjellsmelle (Silene acaulis), rødsildre (Saxifraga oppositifolia) og svarttopp (Bartsia alpina).*» Det er og nokre eldre registreringar i Artskart som underbyggjer at det her er kalkkrevjande vegetasjon; svarttopp (*vikestølheii østsiden i et trangt skar*, Ryvarden, L. 1966) og fjellsmelle, gulsildre og trillingsiv (*vikestølheii vestsiden*, Ryvarden, L. 1966). Større eller mindre deler av vegetasjonen i området kjem truleg under den aktuelle naturtypen, eventuelt under sørvendt berg og rasmarek. Ut frå myrer som ligg ved fyllittberggrunn er det og truleg at det kan vere rikmyr i området, men dette er uvisst.

Artsmangfald: Det er ikkje god kjennskap til artsmangfaldet i lokaliteten.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Området har moderat sauebeite. Attgroingstilstand rundt stølen er ukjend, men attgroinga generelt i nærliggjande område er omfattande.

Skjøtsel og omsyn: Må vurderast nærare etter inventering.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er uvisst kor store deler av lokaliteten som kvalifiserer for naturtypen, og kva verdi han bør ha. Førebels er området verdisett som lokalt viktig.

Nr. 37 Tengesdalsvatnet NV - Lensmannshidleren

Id: Ny

Områdenavn: Tengesdalsvatnet NV - Lensmannshidleren

Kommune: Hjelmeland

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Alm-lindeskog

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Areal: 176 daa

Undersøkt/kjelder: 111. Kryssliste frå Ove Førland og Leiv Krumsvik frå Stranda-Hjelmeland, 112. Kryssliste frå Ove Førland og Leiv Krumsvik frå Lensmannshidleren – Hjelmeland, 126. Opplysningar frå Ove Førland 16.12.2014.

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i desember 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er basert på opplysningar mottekne frå Ove Sander Førland og krysslister frå to delområde innanfor lokaliteten frå 8.7.2009.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordvestsida av Tengesdalsvatnet, heilt sørvest i Vormedalsheia landskapsvernområde, i Hjelmeland kommune. Lokalitetsavgrensinga er sett etter rettleiing frå Ove Førland, og med hjelp av ortofoto. Det er uvisst kor høgt opp den rike edellauvskogsvegetasjonen går, og kor langt aust og vest ein kan finne tilsvarende rik vegetasjon. Avgrensinga av lokaliteten er usikker, men store parti med rik edellauvskog inngår i avgrensinga, særleg i austre del. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Massiv granitt, porfyrgranitt, middels- til grovkorna*, og lausmassane er i stor grad grovt rasmateriale. Område er sørvendt men ligg ganske skyggefullt til i dalen. Lokaliteten ligg i sørboreal vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Sb-O2).

Naturtypar og vegetasjon: Rik edellauvskogsvegetasjon vekslar med blokkdominert rasmark, der det på grunn av høg luftfuktighet er mykje mosedekke. Moseartar i dei opne rasmarkområda er berre i nokon grad undersøkt, men delar av området kjem kanskje inn under naturtypen Nordvendte kystberg. Vegetasjonen er rik, med ask og alm i tresjiktet, mykje hegg, og krevjande artar som firblad, junkerbregne, myske, myskegras, hengeaks, sanikel, nyresoleie, skogstorkenebb, skogsvinerot, skogsvingel, trollurt og vårmarihand. Andre artar er mellom anna brunrot, enghumleblom, fingerstorr, skogfiol, vendelrot og skogsalat. Tresjiktet har og selje, hassel, bjørk og rogn. Vegetasjonstype er truleg Alm-lindeskog D4, men her er nok fleire vegetasjonstypar og utformingar. Ved Lensmannshidleren er det fleire gamle styvningstre av ask, men rik edellauvskog er dominerande naturtype. Deler av området kan dermed setjast til haustingsskog med edellauvtre. Blårapp, gulsildre, stjernesildre og storfrytle er mellom artane ved Lensmannshidleren, i tillegg til mange av artane nevnde over. Nokre artar i den lågaste delen kan kanskje vitne om tidlegare kulturpåverknad; mellom anna harestorr, finnskjegg, kvitbladtistel og kystmaure, sjølv om vegetasjonen her og verkar lite påverka.

Artsmangfald: I tillegg til ei rekkje karplanter knytt til rik edellauvskog, er det funne fleire mindre vanlege moseartar i lokaliteten. Hinnebregne ved Lensmannshidleren og rustjerneblom fleire stader i lokaliteten kan nemnast. Broddfagermose, buttstråmose, glansmose, hårjamnemose, køllekjølmose, ryemose og storkransmose er artar som anten er typiske edellauvskogsartar eller mindre vanlege. Av lavartar kan oseaniske artar som kystnever og lungenever nemnast. Tre artar glyelav er og funne; fløyelsglye, puteglye og skjellglye. Det er ikkje funne raudlista artar, men lokaliteten vurderast å ha stort potensial for raudlisteartar knytt til kontinuitet, oseanisk klima og daud ved.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Skogen har svært mykje daud ved, særleg liggjande av til dels grove dimensjonar. Området er lite tilgjengeleg og vert ikkje beita. Austre del av avgrensinga har naturskog med eit urørt preg, medan det ved Lensmannshidleren er nokre styvningstre av ask som vitjar om tidlegare kulturpåverknad. Artssamansetjinga her i feltsjiktet viser og at denne delen tidlegare har hatt kulturpåverknad.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep. Gamle styvningstre av ask i området bør truleg ikkje styvast på ny, sidan det er verdiar knytt til rik edellauvskog og kontinuitet som pregar området.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Alle førekomstar av rik edellauvskog skal ha verdi viktig. Det er ikkje gjort funn av raudlisteartar som tilseier høgare verdisetjing, men lokaliteten vurderast å ha stort

potensial for funn av sjeldne artar knytt til kontinuitet og gammal skog. Førebels er det gitt verdi viktig, men nærare undersøkingar kan tilsei høgare verdi.

Nr. 15 NAPEN-FAGERSTØLNUTEN-PJÅKAVATNET

Id: Ny

Områdenavn: Napen-Fagerstølnuten-Pjåkavatnet

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 12,2 km²

Undersøkt/kjelder: 18. www.botanikk.no, 19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal., 60. Steinnes, A. og Johnsen, J.I. 1992. 2.-4. august. *Helgetur til søre del av Dyraheio, Suldal kommune. Artikkel i Blyttia nr 2. 1992. s 97 – 98.* 122. Registreringar frå Artskart, 125. Opplysningar frå Alf Odden.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn og skildra av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokaliteten ligg delvis innanfor Dyraheio landskapsvernområde i Suldal. Det er teke utgangspunkt i at registreringar knytt til Veneheia i samlekryssliste (19, Veneheia er nummer 10 i kryssliste basert på Dahl 1906) ligg innanfor avgrensinga til lokaliteten, basert på at berggrunnskartet viser kalkrik berggrunn på sørsida av stien som går opp Urskar. Det er relativt få registreringar av relevante artar her, så eventuelle feilplasseringar av registreringar har lite å seie for artsmangfaldet som er skildra for lokaliteten.

Stad og naturgrunnlag: Lokaliteten inngår i eit stort område med kalkrik berggrunn og sjeldne fjellplanter knytt til Dyraheio landskapsvernområde. Andre kalkrike område i vest og nord er skild ut som eigne lokalitetar, mest for å skilje litt på kor ulike artar er registrerte. Kunstig skilje mot annan lokalitet ved Buarekvelven er sett ved Napen. Avgrensinga er i stor grad basert på berggrunnskart N50, og område med fyllitt og kvartsglimmerskifer er teke med i avgrensinga. Avgrensinga er og justert ut frå opplysningar motteke frå Alf Odden i mai 2014. Av tilgjengelig litteratur og krysslister er det best dokumentasjon på kalkkrevjande og sjeldan fjellvegetasjon i vestre del, men ut frå berggrunns høve er det truleg tilsvarende vegetasjon og i austre del. Lokaliteten omfattar mellom anna Napen (1350 moh), Fagerstølnuten (1090 moh) og Fagerstølen, Kjelkanuten (1138 moh), Smørslagenuten (1142 moh) og Moakvelven, og er avgrensa austover til Pjåkavatnet. Sørgrensa går nord for Ulla og Gautejuvet. Området er svært stort, men ut frå berggrunns høve må ein rekne med at det vel vere større eller mindre delar av kalkkrevjande fjellvegetasjon i det meste av området.

Naturtypar og vegetasjon: Det er registrert kalkkrevjande og sjeldne fjellplanter frå store deler av lokaliteten. Frå 60 er det skildra at *heile Fagerstølsskardet hadde rik skifervegetasjon som øvst gjekk over til reinrosehei med fjellfiol*. På sørvestsida av Smørslagenuten og over Veranuten er det og skildra innslag av reinrosehei på rabbane, og svært rik og frodig vegetasjon i kantane. Kalkkrevjande artar som er funne i området; dvergjamne, grønburkne, fjell-lodnebregne, junkerbregne, taggbregne, fjellrapp, blårapp, fjellkveke, svartstorr, hårstorr, fjellstorr, blankstorr, brudespore, ullvier, myrtevier, fjellsmelle, gulsildre, raudsildre, jåblom, tågebær, flekkmure, reinrose, svarttopp, fjellbakkestjerne og fjelltistel. Området ned mot Øvre Moen og Moakvelven har flest registreringar av kalkkrevjande artar, men krevjande artar er funne fleire andre stader i området.

Artsmangfald: Bergjunker (NT) er funnen ved Fagerstølen og ved *Mobraaten ovenfor øvre moen* (Dahl, O. 1906. Artskart), brudespore og nervesvanemose (*Meesia uliginosa*) på vestsida av Kjelkanuten, søterot ned mot Øvre Moen. Ein sjeldan art som aurskrinneblom er funnen på Venaheia.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Høgtliggjande område som truleg har lite påverknadar.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få ligge utan inngrep, med moderat beitepress av sau.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Store delar av lokaliteten kvalifiserer truleg for svært viktig, sidan det både er ein raudlisteart, kalkkrevjande artar og sjeldne artar for Rogaland i området. Området er plantegeografisk viktig, som del av det sørlegaste større området med rik fjellvegetasjon, og sørgrense for krevjande fjellplanter.

Nr. 16 STRANDDALEN-KVELVEN

Id: BN00003912

Områdenavn: Stranddalen-Kvelven

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 2723 daa

Undersøkt/kjelder: 19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal., 60. Steinnes, A. og Johnsen, J.I. 1992. 2.-4. august. *Helgetur til søre del av Dyraheio, Suldal kommune. Artikkel i Blyttia nr 2. 1992. s 97 – 98., 107.* Voith, R. og Berggren, K. 2006. *Stranddalen. Sommerfuglfaunaen i 2005., 125.* Opplysningar frå Alf Odden., 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 17.10.2000. Ut frå berggrunnshøva og ei rekkje registreringar av kalkkrevjande arter er dei to lokalitetane Kvelven (BN00003912) og Stranddalen (BN00003875). Lokalitetane var tidlegare lagt inn utan nærare skildringar. Lokaliteten er utvida vesentleg i høve til dei to tidlegare avgrensingane. Lokalitetsskildring er justert av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007).

Stad og naturgrunnlag: Stort område i Dyraheio landskapsvernområde med kalkrik berggrunn av fyllitt og kvartsglimmerskifer (NGU) - truleg det største området med slike tilhøve i Rogaland fylke (60). Lokaliteten grensar til andre område med kalkrik berggrunn både i sør, nord og aust, men er forsøkt skild ut frå dei registreringane av kalkkrevjande og sjeldne fjellplante som finst i området og ut frå ei logisk oppdeling i dalgangar og parti med fattigare berggrunn. Avgrensinga er basert på berggrunnskart N50 og opplysningar frå Alf Odden. Berggrunn med fyllitt og kvartsglimmerskifer er teke med i avgrensinga, men berre dei viktigaste områda med kalkkrevjande vegetasjon er dekt av avgrensinga. Avgrensinga er grov, og område med rasmark i kantar i nerkant av rike område kan ha rik vegetasjon. I Artskart er svært mange funn av kalkkrevjande artar ført opp «ved Prostøldalen». Det er uvisst om grensa for lokaliteten skulle vore sett noko lenger mot vest i Prostøldalen.

Naturtypar og vegetasjon: Det er store areal med rik berggrunn av fyllitt og glimmerskifer i heile området, og det er registrert ei rekkje krevjande artar; dvergjamne, grønburkne, fjell-

lodnebregne, taggbregne, fjellrapp, blårapp, fjellkveke, svartstorr, hårstorr, gulstorr, rabbestorr, blankstorr, kastanjesev, trillingsev, bjønnbrodd, brudespore, ullvier, myrtevier, fjellsmelle, skredarve, gulsildre, raudsildre, jåblom, tågebær, flekkmure, reinrose, snøsøte, bergveronika, svarttopp, fjellbakkestjerne og fjelltistel. Frå 60 er det skildra at *kalkverknaden er dominerande i rasmarker og berghyller som ofte er gule av gulsildre, men avgrensar seg i flatare lende til fuktige, rike sig. Gråvierkratt og rasmarker med fjellmarikåpe-enger pregar fylittområda*. Rasmarkene varierer frå fattige former til rike med reinrose og myrtevier. Sør for Prostøl er det frodige vierkratt med ullvier. I dalbotnen er det stølsvollar og strand- og vassvegetasjon i rolige bekkebukter og avsnørte meanderdammar. Stølsvollane kan ha restar av høgtliggjande naturbeitemark eller slåttemarksvegetasjon, men dette er uvisst. Nordsida av Prostøl er og rik med bergjunker og store myrtevierkratt. Ved Kvelven er det seine, rike snøleie, truleg under vegetasjonstypar T3 og T6. Andre vegetasjonstypar i området vil mellom anna vere innanfor Rasmark F1a, og Bergsprekk og bergvegg av Baserik utforming (F2c). Truleg vil ein i området finne dei fleste av dei aktuelle vegetasjonstypane som høyrer inn under naturtypen kalkrike område i fjellet.

Artsmangfald: Kvitkurle (NT) er funnen i Prostølområdet, bergjunker (NT) er funnen både i Prostølområdet, Ravnanuten og ved Stranddalshytta. Jøkulstorr (NT) er funnen på Såta. Av sjeldne artar er dvergsoleie i Prostølområdet. Fjelllok er funnen sør for Prostøl, og kastanjesev og tvillingsev i same område. Fleire andre fjellplanter har si sørgrense i området, og må reknast som sjeldne i Rogaland. Ved fellefangst av insekt i 2005 (Voith og Berggren, 2006) blei det registrerte kalkkrevjande og sjeldne artar av sommarfuglar: olivenfjellmott *Metamexte phrygialis* (tidlegare raudlista), glansbergmålar *Entephria nobilaria* (knytt til raudsildre) og *Lasionycta leucocycla* (knytt til reinrose). Dårleg ver i 2005 gjorde truleg at ikkje fleire sjeldne artar vart funne. Fjelljordfly *Agrotis luehri* og *Apamea groenlandica* er to nattfly som har si hovedutbreiing i den sørnorske fjellheimen.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er eit høgfjellsområde med få inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få liggje utan inngrep, med moderat sauebeite. Området er høgtliggjande og lite utsett for attgroing.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Området er svært stort og har i tillegg til ei rekkje sjeldne og kalkkrevjande artar fleire raudlista karplanter knytt til naturtypen. Lokaliteten er plantegeografisk viktig, som del av det sørlegaste større området med rik fjellvegetasjon, og sørgrense for krevjande fjellplanter. Det er og registrert sjeldne sommarfuglar knytt til naturtypen. Store delar av lokaliteten kvalifiserer truleg for svært viktig.

Nr. 17 BUAREKVELVEN-NAPEN-MÅNASTØLNUTEN

Id: BN00003876

Områdenavn: Buarekvelven-Napen-Månastølnuten

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 4697 daa

Undersøkt/kjelder: 19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal., 60. Steinnes, A. og Johnsen, J.I. 1992. 2.-4. august. *Helgetur til søre del av Dyråheio, Suldal kommune. Artikkel i Blyttia nr 2. 1992. s 97 – 98., 125.* Opplysningar frå Alf Odden, 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 17.10.2000. Lokalitetsskildring er justert noko av Rune Søyland i mars 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokalitetsavgrensinga og –skildringa er endra sjølv om lokaliteten ligg utanfor Dyraheio landskapsvernområde, sidan vanskeleg tilgjengeleg informasjon er samanstilt i litteraturundersøkinga.

Stad og naturgrunnlag: Stort område med krevjande høgfjellsvegetasjon i området ved Buarekvelven, vest for Napen og opp rundt Månastølsnuten ved Kvinstølsvatnet i Suldal. Avgrensinga er basert på berggrunnskart N50, og berggrunn med fyllitt og kvartsglimmerskifer er teke med i avgrensinga. Avgrensinga er grov, og område med rasmare i kantar i nerkant av rike område kan ha rik vegetasjon. Avgrensinga er og basert på opplysningar frå Alf Odden i mai 2014. Det er sett eit kunstig skilje mot tilsvarende lokalitet med kalkkrevjande vegetasjon mot aust, for å dele lokalitetane noko opp og skilje på kor ulike artar er registrerte.

Naturtypar og vegetasjon: Det er registrert ei rekkje kalkkrevjande og til dels sjeldne fjellplaner her, som gjer at større delar av området må reknast å høyre til naturtypen kalkrike område i fjellet. Av kalkkrevjande artar er dvergjamne, fjell-lodnebrege, junkerbrege, taggbrege, fjellrapp, blårapp, fjellkveke, svartstorr, hårstorr, tvibustorr, gulstorr, fjellstorr, blankstorr, kastanjesev, trillingsev, bjønnbrodd, grønkurle, brudespore, rabbestorr, fjellsmelle, myrtevier, raudsildre, dvergmispel, flekkmure, reinrose, snøsoete, svarttopp, fjellbakkestjerne og fjelltistel registrerte. Under Nibbesteinshia er det rik rasmare.

Artsmangfald: Bergjunker (NT) og jøkulstorr (NT) er funne av raudlista artar. I tillegg er det registrert ei rekkje kalkkrevjande artar og fjellartar som er sjeldne i regionen. Mindre vanlege og sjeldne artar er mellom anna marinøkkel, kastanjesev og trillingsev. Myrfrytle og snipestorr er funne på ei myr i Buarekvelven, og dvergvassoleie og fjellpiggnopp i ei myrtjørn like ved.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Truleg lite prega av inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør liggje utan inngrep, med moderat beitepress av sau.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg nær opp mot eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Lokaliteten er plantegeografisk viktig, som del av det sørlegaste området med rik fjellvegetasjon, og sørgrense for krevjande fjellplanter. Ut frå to raudlista artar og ei rekkje kalkkrevjande og sjeldne artar bør lokaliteten ha verdi svært viktig.

Nr. 18 GRØNAFJELLET

Id: Ny

Områdenavn: Grønafjellet

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 324 daa

Undersøkt/kjelder: 122. Registreringar frå Artskart, 105. Kryssliste utarbeidd av Tom Sørum og Morten Gluva 24/8/1991, 125. Opplysningar frå Alf Odden. 127. Sigmond; E.M. 1975; Berggrunnskart Sauda; NGU

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn og skildra av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Artsregistreringar henta frå krysslista til Sørums og Gluva (1991) og registreringar gjort av Leif Ryvarden i 1969 (Artskart). Ryvarden sine registreringar er delt i "*grønafjellet ved grensen mot vest-agder; suldal*", som truleg er fyllittområdet på sjølve Grønafjellet, og *grøn fjell syd for krossvann* som truleg omfattar delar med gabbro/amfibolitt. Dei sistenevnde registreringane kan liggje utanfor avgrensinga.

Stad og naturgrunnlag: Grønafjellet ligg søraust i Dyrhaeio landskapsvernområde, nær inntil fylkesgrensa. Holmevatnet som ligg aust for fjellet ligg i begge fylka. Lokaliteten er avgrensa ut frå berggrunnskart N50 og opplysningar frå Alf Odden i mai 2014, og omfattar eit område med fyllitt på sjølve Grønafjellet (NGU). Eit avgrensa område med fyllittberggrunn som ikkje er teke med litt ved Litlafjellet nord for lokaliteten, og nord for Litlafjellet ligg eit stort område med fyllitt. Avgrensinga er basert på berggrunnskart og vil vere unøyaktig, sjølv om dei viktigaste veksestadane for kalkkrevjande vegetasjon truleg er fanga opp. Kalkkrevjande vegetasjon kan og finnast i rasmark og område utanfor avgrensa lokalitet. Avgrensinga er grov, og område med rasmark i kantar i nedkant av rike område kan ha rik vegetasjon. Området ligg høgt, opp mot 1300 moh.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er dominert av fyllitt. Registreringar av fleire kalkkrevjande artar her tilseier at området kjem inn under naturtypen kalkrike område i fjellet. Det er registrert ei rekkje krevjande artar; fjellfrøstjerne, fjellstorr, fjellsnelle, reinrose, snøsøte, bergveronika, svarttopp, fjelltistel, dvergjamne, bjønnbrodd, trillingsiv, grønkurle, blå rapp, svartstorr, hårstorr, blankstorr, taggbregne, fjellsmelle, tuearve, fjell-lodnebregne, gulsildre, raudsildre, bekkesildre, tågebær og flekkmure.

Artsmangfald: Jøkulstorr (NT) og kvitkurle (NT) er registrert av raudlisteartar. Første berre på Grønafjellet og sistnevnde i begge delområde Ryvarden registrerte i. Trillingsiv, marinøkkel, snipestorr, dvergsoleie, høgfjells-karse, bergrublom og kjeldemjølke er elles mellom dei sjeldne og mindre vanlege artane.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er eit høgfjellsområde med få inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør liggje utan inngrep, med moderat beitepress av sau.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Området har ei rekkje sjeldne og kalkkrevjande artar, i tillegg til at to raudlista karplanter er funne her.

Nr. 36 LITLAFJELL

Id: Ny

Områdenavn: Litlafjell

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 49 daa

Undersøkt/kjelder: 125. Opplysningar frå Alf Odden, 127. Sigmond; E.M. 1975; Berggrunnskart Sauda; NGU

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn og skildra av Rune Søyland i mai 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokaliteten er lagt inn basert på opplysningar frå Alf Odden. Det er ikkje registreringar frå Artskart i området.

Stad og naturgrunnlag: Litlafjellet ligg søraust i Dyraheio landskapsvernområde, nær inntil fylkesgrensa. Lokaliteten er avgrensa ut frå opplysningar frå Alf Odden som kjenner lokaliteten godt. Berggrunnen består av fyllitt. Avgrensinga vert vurdert som god. Kalkkrevjande vegetasjon kan og finnast i rasmark og område utanfor avgrensa lokalitet.

Naturtypar og vegetasjon: Vegetasjonen her er i stor grad den same som ved Grønafjellet, der mellom anna fjellfrøstjerne, fjellstorr, fjellsnelle, reinrose, snøsøte, bergveronika, svarttopp, fjelltistel, dvergjamne, bjønnbrodd, trillingsiv, grønkurle, blå rapp, svartstorr, hårstorr, blankstorr, taggbregne, fjellsmelle, tuearve, fjell-lodnebregne, gulsildre, raudsildre, bekkesildre, tågebær og flekkmure er registrerte.

Artsmangfald: Artsmangfaldet bør undersøkjast nærare. På nærliggjande Grønafjellet er sjeldne artar som trillingsiv, marinøkkel, snipestorr, dvergsoleie, høg fjellskarse, bergrublom og kjeldemjølke funne, i tillegg til raudlisteartane jøkelstorr og kvitkurle.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er eit høg fjellsområde med få inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør få ligge utan inngrep, med moderat beitepress av sau.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Området er førebels sett til viktig, men bør undersøkjast nærare.

Nr. 19 RAUDNUTEN

Id: BN00003889

Områdenavn: Raudnuten

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 695 daa

Undersøkt/kjelder: 19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal., 93. Kryssliste frå Suldal, 1991, Mostøl-Raudnut, 2/8-1991., 81. Steinnes, A. 1988. *Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland*. Økoforsk rapport 1988: 12. Upublisert, 122. Registreringar i Artskart, 125. Opplysningar frå Alf Odden.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 17.10.2000, utan nærare skildring. Lokalitetsskildring og –avgrensing er justert av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007).

Stad og naturgrunnlag: Område i Dyraheio landskapsvernområde aust for Mostøl, med kalkrik berggrunn av fyllitt (NGU). Avgrensa parti rundt sjø lve Raudnuten og Næverhatten viser som fyllitt i berggrunnskart, og eit belte med fyllitt går rundt heile Raudnutheia og vidare sørover. Lokaliteten er avgrensa noko ned mot Mostølen, og dei to toppane med kalkrik berggrunn er teken med i lokaliteten. Avgrensinga er i utgangspunktet svært grov, men området vart undersøkt av Alf Odden sommaren 2014. Avgrensinga såg då ut til å stemme godt med utbreiinga av kalkkrevjande vegetasjon i området, og truleg kan avgrensinga reknast som god. Myrar i kanten av vernegrensa kan og vere interessante. Større, intakte

myrar ligg på austsida av Mosvatnet utanfor landskapsvernområdet, og bør truleg registrerast som naturtypar.

Naturtypar og vegetasjon: Det er registrert ei rekkje krevjande artar; dvergjamne, grønburkne, fjell-lodnebregne, taggbregne, reinrose, fjellrapp, blårapp, kastanjesev, fjellkveke, rabbestorr, svartstorr, hårstorr, tvibustorr, gulstorr, fjellstorr, trillingsev, ullvier, myrtevier, fjellsmelle, gulsildre, raudsildre, jåblom, tågebær, flekkmure, bergveronika, fjellbakkestjerne, brudespore, grønkurle, dvergmispel og fjelltistel.

Artsmangfald: Kvitkurle (NT) er funnen ved «Raudfjeld ovenfor Johnstøl». Korallrot, marinøkkel, kastanjesev, skredarve og fleire andre sjeldne fjellplanter er funne her.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Bør undersøkjast nærare, særleg i vestre del av avgrensinga.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør liggje utan inngrep, med moderat beitepress av sau.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Området er stort og har i tillegg til ei rekkje sjeldne og kalkkrevjande artar ein raudlista art. Kvalifiserer truleg for verdi svært viktig for store delar, men naturtypar og tilstand bør undersøkast nærare særleg i vestre del.

Nr. 20 HONGSNUTEN

Id: BN00003882

Områdenavn: Hongsnuten

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 2720 daa

Undersøkt/kjelder: 19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal, 122. Registreringar frå Artskart, 125. Opplysningar frå Alf Odden.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten vart fyrste gong registrert i Naturbase 17.10.2000, utan nærare skildring av lokaliteten. Lokalitetsskildring og –avgrensing er justert av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007).

Stad og naturgrunnlag: Hongsnuten og Havrenosnibba ligg heilt nord i Dyraheio landskapsvernområde, mellom Bleskestad i vest og Sandvatnet i nordaust. Lokaliteten er avgrensa etter berggrunnskart N50 og opplysningar frå Alf Odden, og omfattar eit større felt med fyllitt. Avgrensinga er grov, og område med rasmark i kantar i nedkant av rike område kan ha rik vegetasjon. Sør for Havrenosnibba er avgrensinga dregen mot skogen sidan det er registrert fleire kalkkrevjande artar her av Dahl (1906). Lokaliteten omfattar mellom anna Havrenosnibba (1092 moh), Hongsnuten (1076 moh), Vestra Brødsruva (1160 moh) og Austra Brødsruva (1211 moh).

Naturtypar og vegetasjon: Det er registrert fleire kalkkrevjande artar; bergstorr, myrtevier, fjellfrøstjerne, reinrose, bergveronika, grønburkne, hårstorr, sotstorr, rabbestorr, fjellkveke, bjønnbrodd, dvergmispel, snøsøte, raudsildre, trillingsiv, fjell-lodnebregne, brudespore og fjellkvitkurle.

Artsmangfald: Av raudlista artar er kvitkurle (NT) registrert. Dvergssoleie, høg fjellskarse, søterot og marinøkkel er mellom andre sjeldne artar i området, og islandsvintergrønn *Pyrola grandiflora* er funnen på «brødruva austom Havrenosa» (Artskart, Lid, J. 1938).

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er eit høgfjellsområde med få inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør liggje utan inngrep, med moderat sauebeite.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Området er svært stort og har i tillegg til ei rekkje sjeldne og kalkkrevjande artar ein raudlisteart. Verdien er førebels sett til viktig, men nærare undersøkingar kan tilseie høgare verdi.

Nr. 21 MEIEN-URAVASSNUTANE

Id: Ny

Områdenavn: Meien-Uravassnutane

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 14,95 km²

Undersøkt/kjelder: 19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal, 122. Registreringar frå Artskart, 75. Dahl. O. 1906. *Botaniske undersøkelser i Indre Ryfylke*. 125. Opplysningar frå Alf Odden.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007).

Stad og naturgrunnlag: Stort høgfjellsområde med kvartsglimmerskifer som ligg ved Meien, Ureggene og Uravassnutane, største delen i Dyrhaio landskapsvernområde i Suldal, og ein mindre del i Bykle i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Området ligg i hovudsak frå rett under 1100 moh opp til ei rekkje toppar over 1200 moh og opp til høgaste topp på 1362 moh. Avgrensinga er grovt sett ut frå berggrunnskart N50, og eit samanhengande felt med kvartsglimmerskifer er teke med. Området er svært stort, og det vil truleg være store deler av området der vegetasjonen er av meir triviell karakter. Rik vegetasjon kan og finnast i rasmarker utanfor avgrensinga, og ut frå omtale av artsregistreringar er grensa nord for Ureggene trukken noko utanfor den rike berggrunnen. Historisk er det gjort funn av fleire raudlista artar her, og ei rekkje kalkkrevjande artar. Ei rekkje funn av kalkkrevjande arter er lagt inn i Artskart for ulike deler av området, både i Rogaland og Aust-Agder.

Naturtypar og vegetasjon: Det er registrert fleire kalkkrevjande artar; fjellsmelle, flekkmure, grønburkne, taggbregne, fjell-lodnebregne, blårapp, svartstorr, sotstorr, hårstorr, tvibustorr, rabbestorr, fjellstorr, bergstorr, blankstorr, kastanjesev, trillingsev, bjønnbrodd, grønkurle, ullvier, myrtevier, fjellsmelle, fjellfrøstjerne, skoresildre, raudsildre, jåblom, fjellkvitkurle, dvergmispel, reinrose, setermjelt, snøsøte, bergveronika, fjellbakkestjerne, snøbakkestjerne og tuearve. I følgje Alf Odden består området av ei rekkje mindre felt med kalkkrevjande vegetasjon.

Artsmangfald: Det er fleire eldre funn av raudlista artar frå området; Ullbakkestjerne (NT) vart funnen av Ove Dahl i 1906, på «*Meien; paa skraaningen mod Bleskestadmoen i Suldal*». Dette kan vere utanfor lokalitetsavgrensinga. Jøkelstorr (NT) er tidlegare funne på Meien (Artskart, Røskeland, A, 1901), grannsilde (NT) på «*Urdeggjane*» (Artskart, Lid, J. 1933) og snøgras (VU) tidlegare på Meien (Artskart, Bryhn, N. 1896). Kvitkurle (NT), frå krysslite.

Fleire sjeldne artar, mellom anna skoresildre, kastanjesev, setermjelt, aurskrinneblom, snøbakkestjerne og tuearve.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er eit høgfjellsområde med få inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør liggje utan inngrep, med moderat sauebeite.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor to ulike landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Området er svært stort og har i tillegg til ei rekkje sjeldne og kalkkrevjande artar fleire historiske registreringar av raudlisteartar. Store deler av området kvalifiserer truleg for verdi svært viktig.

Nr. 34 KVERNAHEIA

Id: Ny

Områdenavn: Kvernaheia

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype:

Areal: 7,42 km²

Undersøkt/kjelder: 19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal, 122. Registreringar frå Artskart, 75. Dahl. O. 1906. *Botaniske undersøkelser i Indre Ryfylke*..

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Det meste av området ligg utanfor Dyraheio landskapsvernområde. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007).

Stad og naturgrunnlag: Stort høgfjellsområde med fyllitt som ligg ved Kvernaheia i Dyraheio landskapsvernområde i Suldal, i austre del delvis innanfor verneområdet. Lokaliteten omfattar toppar som Okslanuten (1012 moh), Kvannibba (1109 moh), og i nordaustre del fleire toppar over 1100 moh opp til høgaste topp på 1181 moh. Avgrensinga er grovt sett ut frå berggrunnskart N250, og eit større felt med fyllitt, og noko kvartsglimmerskifer er teke med. Temakvaliteten på berggrunnskartet er noko dårleg (NGU). Område med gneis er utelate frå avgrensinga. Området er svært stort, og det vil truleg være store deler av området der vegetasjonen er av meir triviell karakter. Rik vegetasjon kan og finnast i rasmarker utanfor avgrensinga.

Naturtypar og vegetasjon: Det er registrert fleire kalk- og noko basekrevjande artar; fjell-lodnebregne, blankstorr, myrtevier, fjellfrøstjerne, reinrose, setermjelt, bergveronika, sotstorr, dvergmispel, fjellbakkestjerne. Alle registreringar frå området er frå Ove Dahl (1906), og det er svært uvisst kor mykje av vegetasjonen i området som kjem inn under kalkrike område i fjellet.

Artsmangfald: Kvitkurle (NT) frå samlekryssliste (ikkje lagt inn i Artskart basert på Ove Dahl). Setermjelt er svært sjeldan i Rogaland.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er eit høgfjellsområde med få inngrep. Ei større kraftlinje går gjennom søre del av området.

Skjøtsel og omsyn: Lokaliteten bør liggje utan inngrep, med moderat beitepress av sau.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg delvis innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Området er svært stort og fleire kalkkrevjande artar er registrert. Kvitkurle er truleg registrert her. Det er stor uvisse om kor mykje av floraen her som er kalkkrevjande, men truleg kvalifiserer større deler av området for verdi viktig.

Nr. 22 KVANNDALEN

Id: Ny

Områdenavn: Kvanndalen

Kommune: Suldal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike område i fjellet

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype:

Areal: 42,86 km²

Undersøkt/kjelder: 19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal., 75. Dahl. O. 1906. *Botaniske undersøkelser i Indre Ryfylke*. 33. Fylkesmannen i Rogaland, 1993. *Forvaltningsplan for Kvanndalen landskapsvernområde, Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde i Suldal kommune, Rogaland*. 79. Steinnes, A. 1988. *Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland*. Økoforsk rapport 1988: 12. Upublisert., 122. Registreringar frå Artskart. 110. Kryssliste frå Ove Førland og Leiv Krumsvik. 8517 – *Flesa – Suldal – Rogaland*. 02.09.2006., 125. Opplysningar frå Alf Odden., 106. Meyer, O. B. og Botnen, A. 1983. *Flora og vegetasjon i Kvanndalen, Suldal, indre Ryfylke*. Botanisk institutt. Rapport 31. Universitetet i Bergen.

Områdeskildring

Innleiing: Lokaliteten er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Lokalitetsskildringa er noko endra i desember 2014 på bakgrunn av ei kryssliste motteken frå Ove Førland.

Stad og naturgrunnlag: Svært stort område med fyllitt som ligg i Kvanndalen landskapsvernområde i Suldal, heilt nord i kommunen. Det meste av området ligg innanfor Kvanndalen landskapsvernområde, ein mindre del i Holmavatnet biotopvernområde og eit mindre område utanfor verneområda i vest. Avgrensinga er grovt sett ut frå berggrunnskart, og eit større felt med fyllitt er utgangspunktet for avgrensinga. Eit område på nordvestsida av Kvanndalsdammen i Jutadalen er teke med på bakgrunn av registreringar gjort av Ove Førland og Leiv Krumsvik i 1996. Området er svært stort, og det vil truleg være store deler av området der vegetasjonen er av meir triviell karakter. Avgrensinga er sette langs begge sider av sjølve Kvanndalen, etter fyllittbelte som vist i berggrunnskart N50. I vestre del manglar det dekning på berggrunn i N50, og avgrensinga i denne delen er endå mindre nøyaktig. I vest er eit belte rundt Mælen teke med, bort til Rossemyrnuten og Finnbuvatnet, mot nord går fyllittfeltet opp rundt 1400 moh under Kistenuten og Vassdalseggi, og eit svært stort, høgtliggjande felt med fyllitt ligg aust frå Havrevassnibba (1086 moh) opp til Skorpeskarnuten (1388 moh) og Fitjanuten (1504 moh). Det store feltet med fyllitt fortset vidare austover på nordsida av Holmavatnet via Fitjantuen, men avgrensinga er stoppa her. Rik vegetasjon kan og finnast i rasmarker utanfor avgrensinga, og deler av vegetasjonen lenger nede i sjølve Kvanndalen burde truleg vere teke med i avgrensinga. Delar av vegetasjonen i dalen kan truleg kvalifisere for andre naturtypar, mellom anna rikmyr. Kvanndalen ligg klimatisk sett i eit grenseområde mellom aust- og vestlandet. Likevel er det oseaniske elementet mest markert i både flora og vegetasjon.

Naturtypar og vegetasjon: Området mellom Suldalsvatn, Vinje i Telemark og Bykle i Aust-Agder inneheld det sørlegaste større område med ein fullt samansett fjellflora som inkluderer rik og kalkkrevjande vegetasjon (Dahl 1906, Dahl 1907 og Steinnes 1988). Det er registrert fleire kalkkrevjande artar i Kvanndalen; grønburkne, fjell-lodnebregne, hårstorr, sotstorr, svartstorr, bergstorr, blankstorr, kastanjesiv, trillingsiv, bjønnbrodd, grønkurle, ullvier, myrtevier, fjellsmelle, fjellfrøstjerne, raudsildre, jåblom, reinrose, snøsøte, bergveronika, fjellbakkestjerne, brudespore, dvergmispel og fjellkvitkurle. Bjønnbrodd og dvergjamne er funne ved Kvanndalsdammen, saman med litt austlege artar som sivblom og søterot. Frå Forvaltningsplanen frå området er fleire viktige vegetasjonstypar rekna opp: Blåbær-blålynghei, sekundær grashei, vierkratt, bregnesnøleie og reinrosesamfunn. Innanfor avgrensinga må ein rekne med at svært mange vegetasjonstypar av kalkrike utformingar vil finnast.

Artsmangfald: Kvitkurle (NT) og grannsildre (NT, Artskart, Lid, J, 1938) er registrert av raudlista karplanter. Jøkelstorr (NT) er og registrert på vestsida av Sandvatnet, truleg utanfor lokalitetsavgrensinga (Artskart, Lye, K.A, 2005). Moselyng, fjellminneblom, marinøkkel, dvergsøleie, rabbesev, brearve og kastanjesev er mellom dei sjeldne og mindre vanlege artane for Rogaland. Artar som er nær si sørvestgrense her er fjellkvein, fjellsnelle, kastanjesev, snøsøte og norsk vintergrøn. Av austlege artar finst mellom anna turt og søterot.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Dette er eit høgfjellsområde med få inngrep.

Skjøtsel og omsyn:

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg i stor grad innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Området er svært stort og fleire kalkkrevjande artar er registrert. Av raudlista karplanter er kvitkurle (NT) og grannsildre (NT) funne her. Det er registrert ei rekkje artar her som er nær si sørvestgrense i området, og som må reknast som sjeldne for Rogaland.

Nr. 23 RØSSDALEN; SKREVLIA

Id: Ny

Områdenavn: Røssdalen; Skrevlia

Kommune: Forsand

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Alm-lindeskog

Verdi: A

Utvald naturtype: Nei

Areal: 80,8 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Fraffjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Fraffjordheiane*. 34. Nielsen, T. R., 2000. *Verneplanarbeid Fraffjordheiane. Kartlegging av insekter o.a. invertebrater i verneplanområdet år 2000.*, 62. Ryvarde, L. 1998. *Soppundersøkelse i Ryfylke. Artslister frå ulike lokalitetar i Ryfylke oktober 1998*. UiO., 122. Registreringar i Artskart.

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984), som både byggjer på egne registreringar og ei rekkje andre kjelder. Nokre generelle trekk rundt vegetasjonen i Røssdalen er henta frå Steinnes (1984): *Røssdalen har eit uvanleg stort innslag av alm-lindeskog, både*

sør- og nordvend. Dalen er plantegeografisk interessant ved at sterkt oseaniske artar og austlege/alpine artar møtest her.

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på nordsida av sjølve Røssdalen, og er digitalisert ut frå georeferert vegetasjonsskart frå Steinnes (1984). Avgrensinga er noko usikker, mellom anna sidan det ikkje var mogleg å få til ei fullgod georeferering av vegetasjonsskartet. I høve til opphavleg avgrensing er nok likevel avgrensinga å rekne som god. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Båndgneis*, *stedvis migmatittisk (Amfibolitt, biotittgneis i bånding med lys gneis, stedvis granat-sillimanitt-cordieritt biotitt gneis og tynne lag av kvartsitt)*. Lausmassane i dalen er grove, noko som fører til gode dreneringshøve og lite av artar som veks i fuktigare jordsmonn. Ras og flaumerasjon er truleg viktige økologiske faktorar for vegetasjonen i området. Sidan det er mykje rik edellaauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Eksposisjonen er sørleg.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er i hovudsak dominert av vegetasjonstypen tørr lindeskog (Steinnes 1984), ei mellomrik utforming, oftast i ur, av naturtypen rik edellaauvskog, med bringebær, gaukesyre, urakatt og trollurt. Men det er og rikare innslag av ask-almeskog med myske, skogsvingel, skogsvinerot og kundekveke. Eit mindre felt med bjørke-ospeblandingsskog, eit med rik blandingslauvskog og eit med lågurt-bjørkeskog er tekne med for å få ei funksjonell avgrensing. Ut frå kryssliste for felt 10 i Steinnes (1984) går det fram at feltvegetasjonen ikkje er utprega rik, men det er fleire krevjande artar og dessutan innslag av kalkkrevjande artar som murburkne, grønburkne, gulsildre og svarttopp, truleg knytt til bergframspring i øvre del. Andre artar som bør nevast er lundrapp, hegg, tågeber, markjordber, kratthumbleblom, mjødurt, vendelrot, skogsalat, fagerperikum og brunrot. Tresjiktet har mykje lind og hassel, noko alm, og bjørk dominerer i mindre parti.

Artsmangfald: Av raudlisteartar er soppartane ospeskinn *Conferticium ravum* (VU) og skorpepiggsopp *Gloiodon strigosus* (NT) registrerte i 1998 (Ryvarden). Kritt voksskinn *Phlebia cretacea* og rustkjuke *Phellinus ferrugionosus* vart registrerte ved den same feltundersøkjinga. Gråsvart kremle (NT) og falsk brunskrubbe (NT) er funnen i 2014 (Artskart, A. Svensen). Vierblodsopp som er sjeldan i Rogaland vart funnen her i 2002 (Artskart, O. Førland). Ingen raudlista lavartar er registrerte. Nielsen (34) fann ein tidlegare raudlista billeart (*Bryaxis curtisii*) og ein sjeldan, austleg snegleart (*Discus ruderatus*) som då var fyrste funn for Rogaland.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Lind, alm og ask er i vestre delen av Røssdalen for det meste styva, men tjuke greiner tyder på at det er lenge sidan styvinga tok slutt. Bestandane i aust er ikkje prega av styving. Lindeskogen i vest var hardt sauebeita med nesten berre trollurt i feltsjiktet, medan det lenger aust i området var lommar der sauene ikkje kom til, med variert feltsjikt med skogsvingel, urter og bregner. Det er få merke etter hogst i seinare tid, og skogen er for ein stor del middels gammal til gammal. Dalen generelt må reknast som lite kulturpåverka og store delar av han har eit urørt preg. Nielsen (34) skildra området som *stovokst og vakker gammel skog med en mengde invertebratnisjer*.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep. Styvningstre i dalen er komne for langt til at dei kan styvast på nytt. Moderat beitepress av sau i heile dalen vil truleg ikkje vere negativt for dei biologiske verdiane.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetting: Dette er det største feltet med alm-lindeskog i Røssdalen, og skogen er og skildra som gammal. Det er registrert to raudlista soppartar knytta til naturtypen, og det er dokumentert sjeldne invertebratar. Verdien er sett til svært viktig.

Nr. 24 RØSSDALEN N**Id:** Ny**Områdenavn:** Røssdalen N**Kommune:** Forsand**Hovednaturtype:** Skog**Naturtype:** Rik edellauvskog**Utforming:** Alm-lindeskog**Verdi:** B**Utvald naturtype:****Areal:** 15,7 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Frafjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Frafjordheiane.*, 34. Nielsen, T. R., 2000. *Verneplanarbeid Frafjordheiane. Kartlegging av insekter o.a. invertebrater i verneplanområdet år 2000.*

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984), som både byggjer på egne registreringar og ei rekkje andre kjelder. Nokre generelle trekk rundt vegetasjonen i Røssdalen er henta frå Steinnes (1984): *Røssdalen har eit uvanleg stort innslag av alm-lindeskog, både sør- og nordvend. Dalen er plantegeografisk interessant ved at sterkt oseaniske artar og austlege/alpine artar møtest her.*

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på nordsida av sjølve Røssdalen, og er digitalisert ut frå georeferert vegetasjonsskart frå Steinnes (1984). Avgrensinga er noko usikker, mellom anna sidan det ikkje var mogleg å få til ei fullgod georeferering av vegetasjonsskartet. I høve til opphavleg avgrensing er nok likevel avgrensinga å rekne som god. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Båndgneis, stedvis migmatittisk (Amfibolitt, biotittgneis i bånding med lys gneis, stedvis granat-sillimanitt-cordieritt biotitt gneis og tynne lag av kvartsitt)*. Lausmassane i dalen er grove, noko som fører til gode dreneringshøve og lite av artar som veks i fuktigare jordsmonn. Ras og flaumerasjon er truleg viktige økologiske faktorar for vegetasjonen i området. Sidan det er mykje rik edellauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Eksposisjonen er sørleg. Eksposisjonen er sørleg.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er i hovudsak dominert av vegetasjonstypen tørr lindeskog (Steinnes 1984), som kjem inn under naturtypen rik edellauvskog. Eit mindre med frisk alm-askeskog, og eit felt med lågurt-bjørkeskog er tekne med for å få ei funksjonell avgrensing. Lågurt-bjørkeskog kjem inn under naturtypen bjørkeskog med høgstauder, men utgjer ein svært liten del. Ut frå kryssliste for felt 10 i Steinnes (1984) går det fram at feltvegetasjonen ikkje er utprega rik, men det er fleire krevjande artar og dessutan innslag av kalkkrevjande artar som murburkne, grønburkne, gulsildre, svarttopp (truleg knytt til bergframspring i øvre del) og hundekveke. Andre artar som bør nemnast er lundrapp, skogsvingel, hegg, tågeber, markjordber, kratthumbleblom, mjødukt, vendelrot, skogsalat, stankstorkenebb, fagerperikum, trollurt, brunrot, myske og skogsvinerot. Tresjiktet har mykje lind og hassel, noko alm og ask, og bjørk dominerer i mindre parti. Det er uvisst om alle karplantene som er lista her er registrerte i denne lokaliteten.

Artsmangfald: Det ser ikkje ut til å vere registrert raudlista artar i lokaliteten, ut over alm og ask som begge er lista som nær truga. Lokaliteten omfattar delvis lokalitet 4 i Nielsen (34), som skildrar skogen som ein «*helt spesiell skog. Videre undersøkelser vil helt sikkert vise et*

*langt større artsmangfold». Han fann mellom anna ein krevjande, typisk edellauvskogsart (*Aegopinella pura*, snegleart) og skogsaksedyr *Chellidurella acanthopygia*, som i rapporten er skildra som *lite kjent i Norge*.*

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Lind, alm og ask er i vestre delen av Røssdalen for det meste styva, men tjukke greiner tyder på at det er lenge sidan styvinga tok slutt. Bestandane i aust er ikkje prega av styving. Bestandane i aust er lite påverka av beiting, medan dei vestre tidlegare har hatt hardt sauebeite. Det er uvisst korleis beitepresset er i dag. Det er få merke etter hogst i seinare tid, og skogen er for ein stor del middels gammal til gammal. Dalen generelt må reknast som lite kulturpåverka og store delar av han har eit urørt preg.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep. Styvningstre i dalen er komne for langt til at dei kan styvast på nytt. Moderat beitepress av sau i heile dalen vil truleg ikkje vere negativt for dei biologiske verdiane.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er ikkje kjennskap til spesielt sjeldne artar i lokaliteten, men han kvalifiserer for verdi viktig sidan det i hovudsak er ein rik edellauvskog. Verdien kan vere høgare.

Nr. 25 RØSSDALEN SØRVEST

Id: Ny

Områdenavn: Røssdalen sørvest

Kommune: Forsand

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Bjørkeskog med høgstauder

Utforming:

Verdi: A

Utvald naturtype: Nei

Areal: 65,8 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Frafjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Frafjordheiane.*, 63. Ryvarden, L. 1998. *Soppundersøkelse i Ryfylke. Artslister frå ulike lokalitetar i Ryfylke oktober 1998*. UiO.

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984). Nokre generelle trekk rundt vegetasjonen i Røssdalen er henta frå Steinnes (1984): *Røssdalen har eit uvanleg stort innslag av alm-lindeskog, både sør- og nordvend. Dalen er plantegeografisk interessant ved at sterkt oseaniske artar og austlege/alpine artar møtest her.*

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på sørsida av sjølv Røssdalen, og er digitalisert ut frå georeferert vegetasjonskart frå Steinnes (1984). Avgrensinga er noko usikker, mellom anna sidan det ikkje var mogleg å få til ei fullgod georeferering av vegetasjonskartet. I høve til opphavleg avgrensing er nok likevel avgrensinga å rekne som god. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Øyegneis, vesentlig omdannede porfyriske granitter og granodioritter med store krystaller (1-20 cm) av alkalifeltspat*. Lausmassane i dalen er grove, noko som fører til gode dreneringshøve og lite av artar som veks i fuktigare jordsmonn. Ras og flaumerasjon er truleg viktige økologiske faktorar for vegetasjonen i området. Sidan det er mykje rik

edellauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Lokaliteten har ein nordvend eksposisjon.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten består av to større felt med lågurt-bjørkeskog, eit felt med rik storbregne-bjørkeskog, to felt med intermediær storbregne-bjørkeskog og tre mindre felt med frisk alm-askeskog. Frodige bjørkeskogar i ulike variantar dominerer lokaliteten, sjølv om det og er mindre deler som kjem inn under rik edellauvskog. Bjørkeskog med høgstaude er nok naturtypen som passar best med vegetasjonshøva i lokaliteten, sjølv om det er store variasjonar i området. Eit mindre felt med småbregne-bjørkeskog, i aust dominert av storfrytle, er og teke med for å få ei funksjonell avgrensing. Den intermediære storbregnebjørkeskogen er fullstendig dominert av skogburkne. Arten er og viktig i rik storbregne-bjørkeskog, men her finst og utforming dominert av strutseving. Trollurt, skogstjerneblom, mjødurt, skogstorkenebb, myskegras, skogrøyrkvein og veikmose knyttar typen til høgstaude- og gråor-heggeskogar. Smørtelg, hundekveke, storfrytle, rustjerneblom, bergfrue, raudsildre, tågeber, markjordber, stankstorkenebb, skogstorkenebb, skogfiol, brunrot, myske og vendelrot er artar som viser at det er frodige veksehøve og stor variasjon i lokaliteten. Alle dei edle treslaga alm, ask, lind og hassel finst og her, saman med hegg, men bjørk og til dels osp dominerer. I sørkant av området er det nordvend, gråmosedominert ur med purpurmose.

Artsmangfald: I følgje Steinnes si kryssliste er dette einaste staden turt er funnen i Røssdalen. Andre artar som kan nemnast spesielt er hinnebregne og heimose (*Anastrepta orcadensis*). Rustjerneblom er austleg og uvanleg regionalt.. Det er uvisst i kor stor grad mose- og lavflora her er undersøkt, men det bør vere veksehøve for artar knytt til både kontinuitet, og fuktig og skuggjefullt miljø.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Det var i 1984 vesentlig mindre sauebeiting på sørsida av elva enn på nordsida. Det er få merke etter hogst i seinare tid, og skogen er for ein stor del middels gammal til gammal. Dalen generelt må reknast som lite kulturpåverka og store delar av han har eit urørt preg.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep. Styvningstre i dalen er komne for langt til at dei kan styvast på nytt. Moderat beitepress av sau i heile dalen vil truleg ikkje vere negativt for dei biologiske verdiane.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Blanding av frodig og variert bjørkeskog og innslag av rik edellauvskog gjer at lokaliteten truleg bør ha verdi viktig.

Nr. 26 RØSSDALSVATNET AUST

Id: Ny

Områdenavn: Røssdalsvatnet aust

Kommune: Forsand

Hovednaturtype: Ferskvann/våtmark

Naturtype: Deltaområde E01

Utforming: Lite og mindre formrikt delta E0102

Verdi: A

Utvald naturtype: Nei

Areal: 61,5 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Fraffjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Fraffjordheiane. Artslister frå ulike lokalitetar i Ryfylke oktober 1998*. UiO., 123. Opplysningar frå John Inge Johnsen.

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984).

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten er sjølve deltaområdet som ligg på austsida av Røssdalsvatnet. Avgrensinga er digitalisert delvis over ortofoto og delvis over georeferert vegetasjonskart frå Steinnes (1984). Avgrensinga vert rekna som god. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Øyegneis, vesentlig omdannede porfyriske granitter og granodioritter med store krystaller (1-20 cm) av alkalifeltspat*. Lausmassane i dalen er grove, noko som fører til gode dreneringshøve og lite av artar som veks i fuktigare jordsmonn. Deltaområdet er i stor grad skogkledd med blandingsskog av bjørk og osp, men det er og store grusvifter og elvebankar med substrat i varierende storleik. Sidan det er mykje rik edellauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2).

Naturtypar og vegetasjon: Deltaområdet har eit par viker med flaskestorr-duskull-belte, men består mest av vegetasjonslause elvekantar og –bankar med grus og grovare substrat, mosekledd kant- og elvesamfunn, open strandvegetasjon med grønstorr, duskull, krypsev, kornstorr og bjønnbrodd, innover meir fuktheiprega med kløkkelyng, rome storfrytle og kvitbladtistel. Det meste av arealet er dekket av bjørkedominert, flaumpåverka lauvskog der øyrevier kan dominera i busk- og tresjikt, dels som mellomrik sumpskog med torvmose, vanleg bjørnemose, stjernestorr, skogrøyrkvein, sølvbunke og blåtopp. Smørtelg, finnskjegg, bjønnskjegg, gulstorr, stjernesildre, tågeber, markjordber, mjødurt, rundsoldogg, myrfiol, skogfiol og trollurt er mellom artane som er funne her. Det er påfallande at svartor og pors ikkje er påvist her.

Artsmangfald: Den raudlista mosearten flaummose *Hycomium armoricum* (VU) vart funnen her av Størmer i 1948 (Artskart) - arten er funnen att i seinare år og førekomsten er intakt (pers.medd. John Inge Johnsen, Steinnes 1984). Frå Steinnes (1984) er det skildra store, tette matter av flaummose (VU) *Hycomium armoricum*, kjeldetvebladmose *Scapania uliginosa* og bekketvebladmose *Scapania undulata* i elva ved utløpet i Røssdalsvatnet. Bjønnbrodd og gulstorr er mindre vanlege regionalt.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Det er rimeleg å tru at deltaområdet vart slått saman med resten av flata i vestre del av dalbotnet der det er tufter etter to større høyløer der kvar av bruka hadde sitt rom. Ein del finnskjegg i området kan tyde på at det er eit visst beitepress frå sau her.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep. Styvningstre i dalen er komne for langt til at dei kan styvast på nytt. Moderat beitepress av sau i heile dalen vil truleg ikkje vere negativt for dei biologiske verdiane.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Slike deltaområde kan vere viktige for ei rekkje artar, mellom anna fuglar og insekt. Funn av flaummose viser at området har levekår for sjeldne artar knytt til naturtypen. Deltaområde som ikkje er påverka av utbygging er sjeldsynte, og område med dokumentasjon av raudlisteartar bør truleg ha verdi svært viktig.

Nr. 27 RØSSDALEN; BASTALIA

Id: Ny

Områdenavn: Røssdalen; Bastalia

Kommune: Forsand

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Alm-lindeskog og alm-askeskog

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Areal: 37,5 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdier i Frafjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Frafjordheiane*, 66. Korsmo, 1978. *Edellauvskogsinventeringer i Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal 1977/78. Rapport utarbeidet på oppdrag frå Avdelingen for naturvern og friluftsliv i Miljøverndepartementet. Vol VI*

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984), som både byggjer på egne registreringar og ei rekkje andre kjelder. Nokre generelle trekk rundt vegetasjonen i Røssdalen er henta frå Steinnes (1984): *Røssdalen har eit uvanleg stort innslag av alm-lindeskog, både sør- og nordvend. Dalen er plantegeografisk interessant ved at sterkt oseaniske artar og austlege/alpine artar møtest her.*

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på nordsida av sjølve Røssdalen, og er digitalisert ut frå georeferert vegetasjonskart frå Steinnes (1984). Avgrensinga er noko usikker, mellom anna sidan det ikkje var mogleg å få til ei fullgod georeferering av vegetasjonskartet. I høve til opphavleg avgrensing er nok likevel avgrensinga å rekne som god. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Båndgneis, stedvis migmatittisk (Amfibolitt, biotittgneis i bånding med lys gneis, stedvis granat-sillimanitt-cordieritt biotitt gneis og tynne lag av kvartsitt)*. Lausmassane i dalen er grove, noko som fører til gode dreneringshøve og lite av artar som veks i fuktigare jordsmonn. Ras og flaumerasjon er truleg viktige økologiske faktorar for vegetasjonen i området. Sidan det er mykje rik edellauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Eksposisjonen er sørleg.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er i hovudsak dominert av vegetasjonstypen tørr lindeskog (Steinnes 1984 og Korsmo 1978), som kjem inn under naturtypen rik edellauvskog. To større felt med denne vegetasjonstypen, to større felt med frisk alm-askeskog, og eit felt med bjørke-ospeblandingsskog er teke med for å få ei funksjonell avgrensing. Bjørke-ospeblandingsskogen høyrer naturleg heime under naturtypen gammal lauvskog, men er teke med for å knytte saman felt med rikare vegetasjon. Denne er ein stad dominert av eik som det er svært lite av i dalen. Sistnemnte skog utgjer truleg rundt 25 % av lokaliteten. Alm og ask spelar ei større rolle enn i dei tørraste lindeskogane. Ut frå kryssliste for felt 11 i Steinnes (1984) ser det ut til at denne delen av Røssdalen er viktigaste veksestaden for myske og ask, sjølv om begge finst mange andre stader her. Det er registrert fleire krevjande og interessante artar, sjølv om vegetasjonen ikkje er utprega rik; lundrapp, skogsvingel, hundekveke, storfrytle, vanleg nattfiol (uvisst om han er registrert i lokaliteten), maurarve, trollber, tågeber, markjordber, kratthumleblom, stankstorkenebb, skogstorkenebb, skogfiol, trollurt, skogsvinerot, brunrot, vendelrot, skogsalat og fingerstorr. Det er uvisst om alle karplantene som er lista her er registrerte i denne lokaliteten. Korsmo skildrar at *trelegger og steinblokker er sterkt bevokst med bladmoser*, særleg er kystkransmose *Rhytidiadelphus loreus* vanleg, og dekker ofte store tette matter. Han oppgjev og trollurt, myskegras og skogsvingel som viktige for lokaliteten.

Artsmangfald: Det ser ikkje ut til å vere registrert raudlista artar i lokaliteten, ut over alm og ask som begge er lista som nær truga.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Korsmo omtalar mange gamle styvningstre frå lokaliteten, men at det ser ut til å vere lite beitepress her. Det er få merke etter hogst i seinare tid, og skogen er for ein stor del middels gammal til gammal. Frå 1978 er lindetrea oppgitt å vere rundt 15 meter høge og romme rundt 500 l. Dalen generelt må reknast som lite kulturpåverka og store delar av han har eit urørt preg.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep. Styvningstre i dalen er komne for langt til at dei kan styvast på nytt. Moderat beitepress av sau i heile dalen vil truleg ikkje vere negativt for dei biologiske verdiane.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er ikkje kjennskap til spesielt sjeldne artar i lokaliteten, men han kvalifiserer for verdi viktig sidan det i hovudsak er ein rik edellauvskog.

Nr. 28 RØSSDALEN; BASTALIBEKKEN

Id: Ny

Områdenavn: Røssdalen; Bastalibekken

Kommune: Forsand

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Alm-lindeskog og lågurt-bjørkeskog

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Areal: 28 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Fraffjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Fraffjordheiane.*, 34. Nielsen, T. R., 2000. *Verneplanarbeid Fraffjordheiane. Kartlegging av insekter o.a. invertebrater i verneplanområdet år 2000.*

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984), som både byggjer på egne registreringar og ei rekkje andre kjelder. Nokre generelle trekk rundt vegetasjonen i Røssdalen er henta frå Steinnes (1984): *Røssdalen har eit uvanleg stort innslag av alm-lindeskog, både sør- og nordvend. Dalen er plantegeografisk interessant ved at sterkt oseaniske artar og austlege/alpine artar møtest her.*

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Fraffjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på nordsida av sjølve Røssdalen, og er digitalisert ut frå georeferert vegetasjonskart frå Steinnes (1984). Avgrensinga er noko usikker, mellom anna sidan det ikkje var mogleg å få til ei fullgod georeferering av vegetasjonskartet. I høve til opphavleg avgrensing er nok likevel avgrensinga å rekne som god. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Båndgneis, stedvis migmatittisk (Amfibolitt, biotittgneis i bånding med lys gneis, stedvis granat-sillimanitt-cordieritt biotitt gneis og tynne lag av kvartsitt)*. Lausmassane i dalen er grove, noko som fører til gode dreneringshøve og lite av artar som veks i fuktigare jordsmonn. Ras og flaumerosjon er truleg viktige økologiske faktorar for vegetasjonen i området. Sidan det er mykje rik edellauvskog i området kjem ein truleg inn

under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Eksposisjonen er sørleg.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er sett saman av 3 felt med ulike vegetasjonstypar; sørligaste delen er tørr lindeskog (Steinnes 1984), som kjem inn under naturtypen rik edellauvskog, over denne ligg eit felt med rik blandingslauvskog (med eit underordna innslag av edellauvtre) og eit felt med lågurt-bjørkeskog. Kryssliste for felt 11 i Steinnes (1984) omfattar denne lokaliteten, men det er uvisst kor mange av artane som er registrerte innanfor avgrensinga. Det er registrert fleire krevjande og interessante artar, sjølv om vegetasjonen ikkje er utprega rik; lundrapp, skogsvingel, hundekveke, storfrytle, vanleg nattfiol (uvisst om han er registrert i lokaliteten), maurarve, trollber, tågeber, markjordber, kratthumleblom, stankstorkenebb, skogstorkenebb, skogfiol, trollurt, skogsvinerot, brunrot, vendelrot og skogsalat.

Artsmangfald: Det ser ikkje ut til å vere registrert raudlista artar i lokaliteten. Her er store variasjonar i vegetasjonstypar og artssamensetnad i eit avgrensa område. Lokaliteten omfattar delvis lokalitet 3 i Nielsen (34), som skildrar skogen som ein *interessant subalpin skog med stort artsmangfold* av insekt. Han fann mellom anna mange artar snylteveps, ei villbie, ei rekkje edderkoppdyr og sneglar, mellom anna ein krevjande typisk edellauvskogsart (*Balea perversa*). Skogsaksedyr *Chellidurella acanthopygia* er i rapporten skildra som *lite kjent i Norge*.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Lind, alm og ask er i vestre delen av Røssdalen for det meste styva, medan bestandane i aust er ikkje prega av styving. Bestandane i aust er lite påverka av beiting. Det er få merke etter hogst i seinare tid, og skogen er for ein stor del middels gammal til gammal. Dalen generelt må reknast som lite kulturpåverka og store delar av han har eit urørt preg.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep. Moderat beitepress av sau i heile dalen vil truleg ikkje vere negativt for dei biologiske verdiane.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er ikkje kjennskap til spesielt sjeldne artar i lokaliteten, men han kvalifiserer for verdi viktig sidan det i hovudsak er ein rik edellauvskog.

Nr. 29 RØSSDALEN NORDAUST

Id: Ny

Områdenavn: Røssdalen nordaust

Kommune: Forsand

Hovednaturtype: Skog

Naturtype: Rik edellauvskog

Utforming: Frisk alm-askeskog og lågurt-bjørkeskog

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Areal: 36,5 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Fraffjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Fraffjordheiane.*, 34. Nielsen, T. R., 2000. *Verneplanarbeid Fraffjordheiane. Kartlegging av insekter o.a. invertebrater i verneplanområdet år 2000.*

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon

2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984), som både byggjer på egne registreringar og ei rekkje andre kjelder. Nokre generelle trekk rundt vegetasjonen i Røssdalen er henta frå Steinnes (1984): *Røssdalen har eit uvanleg stort innslag av alm-lindeskog, både sør- og nordvend. Dalen er plantegeografisk interessant ved at sterkt oseaniske artar og austlege/alpine artar møtest her.*

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på nordsida av sjølve Røssdalen, og er digitalisert ut frå georeferert vegetasjonskart frå Steinnes (1984). Avgrensinga er noko usikker, mellom anna sidan det ikkje var mogleg å få til ei fullgod georeferering av vegetasjonskartet. I høve til opphavleg avgrensing er nok likevel avgrensinga å rekne som god. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Båndgneis, stedvis migmatittisk (Amfibolitt, biotittgneis i bånding med lys gneis, stedvis granat-sillimanitt-cordieritt biotitt gneis og tynne lag av kvartsitt)*. Lausmassane i dalen er grove, noko som fører til gode dreneringshøve og lite av artar som veks i fuktigare jordsmonn. Ras og flaumerasjon er truleg viktige økologiske faktorar for vegetasjonen i området. Sidan det er mykje rik edellauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Eksposisjonen er sørleg.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er sett saman av fleire felt med interessante vegetasjonstypar, både av rik edellauvskog og fattigare bjørkeskog. Høgast i terrenget ligg to felt med lågurt-bjørkeskog, delvis dominert av storfrytle, nedanfor midten og vestre del to felt med frisk alm-askeskog og eit felt med rik blandingslauvskog. Heilt i søraustre del ligg eit felt med intermediær bjørkesumpskog. I eit drag med ustyva, høgvaksen alm og litt ask, er ein frisk, rik skog med skogsvinerot, myske, myskegras, skogsvingel og maurarve. Kryssliste for felt 11 i Steinnes (1984) omfattar denne lokaliteten, men det er uvisst kor mange av artane som er registrerte innanfor avgrensinga. Det er registrert fleire krevjande og interessante artar, sjølv om vegetasjonen ikkje er utprega rik; lundrapp, hundekveke, vanleg nattfiol (uvisst om han er registrert i lokaliteten), trollber, tågeber, markjordber, kratthumleblom, stankstorkenebb, skogstorkenebb, skogfiol, trollurt, brunrot, vendelrot og skogsalat. Bjørkesumpskogen har artar som øyrevier, myrfiol, slirestorr og frynsestorr, og torvmosar og bjørnemose i botnen. Denne skogen kvalifiserer ikkje som naturtype åleine, men er interessant sidan det er det einaste feltet med sumpskog som ikkje ligg i direkte tilknytning til vatn i den godt drenerte dalen.

Artsmangfald: Det ser ikkje ut til å vere registrert raudlista artar i lokaliteten. Her er store variasjonar i vegetasjonstypar og artssamansetnad i eit avgrensa område. Lokaliteten omfattar delvis lokalitet 3 i Nielsen (34), som skildrar skogen som ein *interessant subalpin skog med stort artsmangfold* av insekt. Han fann mellom anna mange artar snylteveps, ei villbie, ei rekkje edderkoppdyr og sneglar, mellom anna ein krevjande typisk edellauvskogsart (*Balea perversa*). Skogsaksedyr *Chellidurella acanthopygia* er i rapporten skildra som *lite kjent i Norge*.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Lind, alm og ask er i vestre delen av Røssdalen for det meste styva, medan bestandane i aust er ikkje prega av styving. Eit drag med ustyva almeskog her er uvanleg i fylket. Bestandane i aust er lite påverka av beiting. Det er få merke etter hogst i seinare tid, og skogen er for ein stor del middels gammal til gammal. Dalen generelt må reknast som lite kulturpåverka og store delar av han har eit urørt preg.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep. Moderat beitepress av sau i heile dalen vil truleg ikkje vere negativt for dei biologiske verdiane.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Det er ikkje kjennskap til spesielt sjeldne artar i lokaliteten, men han kvalifiserer for verdi viktig sidan det i hovudsak er ein rik edellauvskog.

Nr. 30 RØSSDALEN; ASLAKSRESET**Id:** Ny**Områdenavn:** Røssdalen; Aslaksreset**Kommune:** Forsand**Hovednaturtype:** Skog**Naturtype:** Bjørkeskog med høgstauder**Utforming:****Verdi:** B**Utvald naturtype:** Nei**Areal:** 28,8 daa**Undersøkt/kjelder:** 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Frafjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Frafjordheiane*. 122. Registreringar i Artskart.**Områdeskildring**

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984). Nokre generelle trekk rundt vegetasjonen i Røssdalen er henta frå Steinnes (1984): *Røssdalen har eit uvanleg stort innslag av alm-lindeskog, både sør- og nordvend. Dalen er plantegeografisk interessant ved at sterkt oseaniske artar og austlege/alpine artar møtest her.*

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på sørsida av sjølve Røssdalen, ved Aslaksreset og er svakt nordvend. Lokaliteten er digitalisert ut frå georeferert vegetasjonskart frå Steinnes (1984). Avgrensinga er noko usikker, mellom anna sidan det ikkje var mogleg å få til ei fullgod georeferering av vegetasjonskartet. I høve til opphavleg avgrensing er nok likevel avgrensinga å rekne som god. Berggrunnen består i fylgje NGU av *Øyegneis, vesentlig omdannede porfyriske granitter og granodioritter med store krystaller (1-20 cm) av alkalifeltspat*. Lausmassane i dalen er grove, noko som fører til gode dreneringshøve og lite av artar som veks i fuktigare jordsmonn. Ras og flaumerasjon er truleg viktige økologiske faktorar for vegetasjonen i området. Sidan det er mykje rik edellauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Lokaliteten har ein nordvend eksposisjon.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er dominert av rik storbregne-bjørkeskog, med eit felt med frisk alm-askeskog midt i. Bjørkeskog med høgstauder er nok naturtypen som passar best med vegetasjonshøva i lokaliteten, sjølv om det er delar som ligg nærare rik edellauvskog. Bjørkeskogen har forutan bjørk rogn, hegg, selje, tågeber, skogfiol, trollurt og storfrytle. I alm-askeskogen er det registrert trollber, skogstjerneblom, engsnelle, krusfagermose, junkerbregne, storfrytle, skogrøyrkvein, myskegras, skogsvingel og firblad. Skogburkne, rustjerneblom, mjødukt, stankstorkenebb og skogstorkenebb er og registrerte i denne delen av dalen, og inngår truleg i artssamansetninga.

Artsmangfald: I fylgje Steinnes si kryssliste er dette einaste staden firblad er funnen i Røssdalen – ein art som er sjeldsynt i Rogaland. Arten vart og funnen her i 2014 (Artskart, A. Svensen). Hjartegras og brudespore er elles registrert i denne delen av Røssdalen. Lønnekjuke er funnen i 2014 (Artskart, A. Svensen). Purpurmose og prakttvebladmose er funne ved Aslakreset i 1989 (Artskart, B. Moe).

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Lind, alm og ask er i vestre delen av Røssdalen for det meste styva, medan bestandane i aust er ikkje prega av styving. Bestandane i aust er lite påverka av beiting. Det er få merke etter hogst i seinare tid, og skogen er for ein stor del middels gammal

til gammal. Dalen generelt må reknast som lite kulturpåverka og store delar av han har eit urørt preg.

Skjøtsel og omsyn: Skogen bør få utvikle seg fritt utan fysiske inngrep.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Blanding av frodig og variert bjørkeskog og innslag av rik edellauvskog gjer at lokaliteten truleg bør ha verdi viktig.

Nr. 31 RØSSDALEN SØR

Id: Ny

Områdenavn: Røssdalen sør

Kommune: Forsand

Hovednaturtype: Rasmark, berg og kantkratt

Naturtype: Nordvendt kystberg og blokkmark B04

Utforming:

Verdi: B

Utvald naturtype: Nei

Areal: 284 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Frafjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Frafjordheiane.*, 123. Opplysningar frå John Inge Johnsen., 122. Registreringar i Artskart (Størmer, 1948).

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984).

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på sørsida av sjølve Røssdalen, og er avgrensa ut frå funn av nokre signalartar for naturtypen nordvendt kystberg. Lokaliteten er grovt avgrensa ut frå topografien i området, og avgrensinga må reknast som førebels og unøyaktig. Artar knytt til naturtypen kan ofte førekome i mindre felt, og det er naudsynt med nærare feltundersøkingar for å få til ei betre avgrensing og verdivurdering. Sidan det er mykje rik edellauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Lokaliteten har ein nordvend eksposisjon.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er lagt inn sidan det i områder er registrert hinnebregne, purpurmose *Pleurozia purpurea* og prakttvebladmose *Scapania ornithopodioides* som alle er signalartar for naturtypen. Steinnes fann purpurmose saman med gråmose i nordvend ur rett i overkant av skogen aust for Middagsbekken, og prakttvebladmose og hinnebregne på bergvegg litt lenger oppe ved same bekken.

Artsmangfald: Med funn av fleire signalartar for naturtypen er det truleg potensial for andre sjeldne artar knytt til naturtypen.

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er truleg lite påverka av menneskelege inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Området bør få ligge urørt.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Funn av fleire signalartar gjer at dei delane innanfor avgrensinga som kvalifiserer for naturtypen truleg bør ha verdi viktig eller høgare. Verdi og avgrensing vil vere uvisst til nærare undersøkingar er gjennomførde.

Nr. 32 RØSSDALEN; ASLAKSJUVET

Id: Ny

Områdenavn: Røssdalen; Aslaksjuvet

Kommune: Forsand

Hovednaturtype: Rasmark, berg og kantkratt

Naturtype: Nordvendt kystberg og blokkmark B04

Utforming:

Verdi: C

Utvald naturtype: Nei

Areal: 232 daa

Undersøkt/kjelder: 6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Frafjord – Espedal – området*, 35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Frafjordheiane*. 123. Opplysningar frå John Inge Johnsen., 122. Registreringar i Artskart (Moe, B. 1989).

Områdeskildring

Innleiing: Lokalitetsskildring er lagt inn av Rune Søyland i april 2014, på bakgrunn av ei litteraturundersøking Ecofact har gjort for verneområdeforvaltninga. Lokaliteten er ikkje tidlegare lagt inn naturbase. Naturtypar er vurderte i høve til DN-handbok 13 (versjon 2)(2007). Områdeskildringa er særleg basert på Steinnes (1984).

Stad og naturgrunnlag: Røssdalen ligg i Frafjordheiane landskapsvernområde, i Forsand kommune. Den aktuelle lokaliteten ligg på sørsida av sjølve Røssdalen, og er avgrensa ut frå funn av nokre signalartar for naturtypen nordvendt kystberg. Lokaliteten er grovt avgrensa ut frå topografien i området, og avgrensinga må reknast som førebels og unøyaktig. Artar knytt til naturtypen kan ofte førekome i mindre felt, og det er naudsynt med nærare feltundersøkingar for å få til ei betre avgrensing og verdivurdering. Sidan det er mykje rik edellauvskog i området kjem ein truleg inn under boreonemoral vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Bn-O2). Lokaliteten har ein nordvend eksposisjon.

Naturtypar og vegetasjon: Lokaliteten er lagt inn ut frå topografien, og sidan det er registrert purpurmose *Pleurozia purpurea* ved Aslaksreset tidligare. Det er uvisst om delar av området kvalifiserer for naturtypen, og nærare feltundersøkingar er naudsynte for å avklare dette.

Artsmangfald: Ukjend

Framande artar: Det er ikkje kjennskap til framande artar i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad: Området er truleg lite påverka av menneskelege inngrep.

Skjøtsel og omsyn: Området bør få liggje urørt.

Heilskapleg landskap: Naturtypen ligg innanfor eit landskapsvernområde med store landskapsmessige verdiar.

Verdisetjing: Lokaliteten er førebels teken med som lokalt viktig, sidan det truleg er deler av området som kvalifiserer for naturtypen.

7 NATURTYPE SKILDRINGAR VEST-AGDER

Nr. 1 URDALEN-GRÅMANNSFJELLET

Id: Ny

Områdenavn: Urdalen-Gråmannsfjellet

Kommune: Sirdal

Hovednaturtype: Fjell

Naturtype: Kalkrike områder i fjellet

Utforming:

Verdi: B

Utvalgt naturtype:

Areal: 658 daa

Undersøkt/kilder: 113. Åsen, P.A. *Planteliv i Villreinens rike*. 122. Registreringer i Artskart per 16.12.2014.

Områdebeskrivelse

Innledning: Områdeomtalen er skrevet av Knut Børge Strøm i desember 2014, på bakgrunn av en litteraturundersøkelse Ecofact har gjennomført for verneområdeforvaltningen. Naturtype og verdisettingskriterier følger håndbok 13 (2007).

Sted og naturgrunnlag: Lokaliteten ligger nord for Rosskreppfjorden, ved Urdalen-Gråmannsfjellet i Sirdal kommune. Området ligger fra 1000 moh nede i dalområdet, til 1200 moh opp mot de høyeste partiene. Avgrensning er satt grovt ved hjelp av topografisk kart og registreringer i Artskart, med veiledende hjelp fra kalkrike artsforekomster registrert i artskart. Siden avgrensning er basert på omtrentlige artsregistreringer, fremstår denne av relativt grov nøyaktighet. Kalkkrevende vegetasjon vil i varierende grad dominere i området.

Naturtyper og vegetasjon: Lokaliteten kan settes til naturtypen kalkrike områder i fjellet. Det finnes flere registreringer av intermediære til kalkkrevende arter i området; turt, skogstorkenebb, hvitsoleie, skogrørkvein, hvitbladtistel, taggbregne, bleikstarr, sløke, svarttopp og harerug (Per Arvid Åsen, Artskart, 1999).

Artsmangfold: Det er ingen kjente forekomster av sjeldne- eller rødlistede arter i området.

Fremmede arter: Det er ikke kjennskap til fremmede arter i lokaliteten.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området har trolig lite menneskelige påvirkninger. Sau benytter området til beite, og opprettholder sannsynligvis et høyt beitetrykk i kalkrike høystaudeenger.

Skjøtsel og tiltak: Lokaliteten bør ligge urørt, med et moderat sauebeite.

Del av helhetlig landskap: Naturtypen ligger innenfor et landskapsvernområde med store landskapsmessige verdier.

Verdisetting: Det er uvisst hvor store deler av lokaliteten som kvalifiserer til naturtypen, og hvilken verdi den bør ha. På bakgrunn av antatt størrelse og registrerte forekomster av kalkkrevende arter gis lokaliteten foreløpig verdi B-viktig.

8 REFERANSELISTE MED MERKNADAR

Liste over litteratur som er gjennomgått i prosjektet. Nokre rapportar som ikkje har vore moglege å få tak på er nemnde i lista. Korte merknadar til rapportane er skrivne med raud skrift.

1. Grimsby, P. Ø. 1996. *Biologisk mangfold i Sirdal kommune – Registrering og forvaltning av nøkkelområder*. Rapport Sirdal kommune 1996. **Ikkje fått tak på denne rapporten.**
2. Lie, A. 2010. *Biologisk mangfold. Hunnedalen. Konsekvenser ved rassikringstiltak*. Agder naturmuseum og botanisk hage. Oktober 2010.
3. Lie, A. & Åsen, P. A. 2001. *Planteliv i Sirdal*. Natur i Sør. Agder naturmuseums rapportserie 2001-1. **Ikkje fått tak på denne, kan vere relevant.**
4. Kastdalen, L. 2011. *Lavkart Setesdal/ Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei. Metodeutvikling og validering av kart*. DN-utredning 7-2011
5. Søyland, R. 2009. *Nilsebu kraftverk – Virkninger på biologisk mangfold*. Ecofact-rapport 36 – 2009.
6. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Fraffjord – Espedal – området*. Med vegetasjonskart over Røssdalen og 4 kart/skisser med tilleggsdata om vegetasjon. Rapport til Fylkesmannen i Rogaland. Med kartvedlegg **(egne dokument same nr)**.
7. Enge, E. 2009. *Fiskeundersøkelser i Sira og Kvinavassdragene sommeren 2008*
8. Lundberg, A. 2012. *Handlingsplan for dvergmarikåpe, ekornsvingel, islandsgrønkurle, jærflangre, jærtistel, saronnellik og skredmjelt i Noreg*. Årsrapport for 2011.
9. Lundberg, A. 2012. *Faggrunnlag for dvergmarikåpe, saronnellik, ekornsvingel, islandsgrønkurle, jærflangre, jærtistel og skredmjelt*. Årsrapport for 2012 og midtvegsevaluering av prosjektet.
10. Rekdal, Y. og Angeloff, M. 2007. *Vegetasjon og beite i Setesdal Vesthei*. Oppdragsrapport frå Skog og landskap 08/2007
11. Fylkesmannen i Rogaland. 1986. *En oversikt over naturforhold og verneinteresser i Vormedalsheia og Lusaheia i Hjelmeland kommune, Rogaland*.
12. Songe Paulsen, E. 1987. *Verneinteressene i Vormovassdraget*. **Ikkje utfyllande i høve til 11. Muligens litt meir på landskapsformer.**
13. Dahl, J.M., 1993. *Forsteninger av dyr på Ritland i Hjelmeland*. Fra Haug og Heidni 4/1993, s 19-20. **Omtale av spesielle geologiske funn av fossiler.**
14. Frønsdal, J. 1987. *Takseringsrapport i forbindelse med forslag om landskapsvern i Vormedalsheia i Hjelmeland kommune, Rogaland*. **Nevnt noen områder med furuskog av en viss alder – veldig vagt utgangspunkt, sjekk med Fylkesmannen om områder er undersøkt/registrert.??**

15. SVR, 2006. *Forvaltingsplan for fisk. Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde*. Grunnlag for Ikkje-forsuret restområde E11? «I Taumevassdraget er det opphavlege aurestammer i Grønplasztjørnene og i Endefiske. Lengre vest kan det vere opphavlege aurestammer i Grauthellervatn og i Godfarlonene. Også i Finnvellen kan det være ei original stamme. Og i desse vatna har det blitt sett ut fisk i nyare tid, til dømes i Grauthellervatn (én gang, i 1984) og Godfarlonene (1983, 1984 og 1985). Stammene i desse vatna er difor påverka av den utsette fisken. Det er og ei enkelt gong sett ut aure frå Råmarstjørn ved Suleskard i Endefiske, men det er lite truleg at det har hatt innverknad på stamma der.»...» Det er opphavleg aure i Suldalsvassdraget, i Holmevatnet og Fisketjørn heilt nord i Bykle.» Oversikt i vedlegg 3. Dobbeltsjekk Ca-innhald med Enge sin rapport, evt Vannbasen. Det er ikkje lagt forslag til nye lokalitetar ut frå rapporten.
16. Moen, A. 1975. *Myrundersøkelser i Rogaland. Rapport i forbindelse med den norske myrreservatplanen*. K. norske Vidensk. Selsk., Mus. Rapp. Bot. Ser. 1975-3: 1 – 126. **Se nærmere på?**
17. Skipevåg, B. 1994. *Sakkyndig skograpport Vormedalsheia*.
18. www.botanikk.no
19. Audun Steinnes og John Inge Johnsen. Samlekrysslister Suldal. **3 samlekrystlister basert på ulike kjelder og nyare feltregistreringar. Grunnlag for å legge inn fleire nye naturtypar. Kart som viser rutereferanser eige dokument med same nummer.**
20. Bjelland, T. & Ihlen, P.G. 2013. *Naturfaglege kartleggingar i Fraffjordheiane landskapsvernområde*. Rådgivende Biologer AS, rapport 1735, 49 sider, ISBN 978-82-7658-981-8. **Bekrefta frå Audun Steinnes at dataene er mottekne og er på veg inn i Naturbase. NB! Ein lok i Sirdal og. Nyare registreringar i Artskart av Oddvar Pedersen tilseier at området nord for vegen bør oppretthaldast som naturtype, dvs justering av lokalitet som ligg i 20 bør truleg ikkje gjerast for lokaliteten Hunnedalen (BN00038962). Ta dette opp med Pål Klevan.**
21. Steinnes, A. 1984. *Flora, vegetasjon og botaniske verneverdiar i Fraffjord – Espedal-området. Med vegetasjonskart over Røssdalen og 4 kart/skisser med tilleggsdata om vegetasjon. Rapport til Fylkesmannen i Rogaland. Særleg godt grunnlag for å legge inn nye naturtypar i Røssdalen. Rapporten er elles referert i 20, og andre område er til dels fanga opp i denne rapporten.*
22. Per G. Ihlen, Leif Appelgren & Hans H. Blom, 2009. *Bekkekløftprosjektet – Naturfaglige registreringer i Rogaland 2008: Forsand kommune*. Rådgivende Biologer AS 1230. **Lokaliteter herfrå er lagt inn i Naturbase, men oppsettet følgjer ikkje standard. Verdier kommer godt frem i faktaark, bør truleg ikkje prioriterast. Det er ikkje gjort endringar for dei aktuelle lokalitetane.**
23. Per G. Ihlen & Harald Bratli, 2009. *Bekkekløftprosjektet – Naturfaglige registreringer i Rogaland 2008: Gjesdal kommune*. Rådgivende Biologer AS 1231. **Lokaliteter herfrå er lagt inn i Naturbase, men oppsettet følgjer ikkje standard. Verdier kommer godt frem i faktaark, bør truleg ikkje prioriterast. Det er ikkje gjort endringar for dei aktuelle lokalitetane.**
24. Per G. Ihlen & Hans H. Blom, 2009. *Bekkekløftprosjektet – Naturfaglige registreringer i Rogaland 2008: Hjelmeland kommune*. Rådgivende Biologer AS 1232. **Lokaliteter herfrå er**

lagt inn i Naturbase, men oppsettet følger ikkje standard. Verdier kommer godt frem i faktaark, bør truleg ikkje prioriterast. Det er ikkje gjort endringar for dei aktuelle lokalitetane.

25. Per G. Ihlen, Hans H. Blom & Geir H. Johnsen, 2009. *Bekkekløftprosjektet – Naturfaglige registreringer i Rogaland 2008: Suldal kommune*. Rådgivende Biologer AS 1237. Lokalteter herfrå er lagt inn i Naturbase, men oppsettet følger ikkje standard. Verdier kommer godt frem i faktaark, bør truleg ikkje prioriterast. Det er ikkje gjort endringar for dei aktuelle lokalitetane.

26. Berg, B. S., 1985. *Vern av edellauvskog i Rogaland*. Stavanger Museum Årbok s. 81 – 118. Generell og bare naturreservat som omtales.

27. Bratli, H. 1998. *Floristiske registreringer i fire verneområder i Suldal kommune*. Siste Sjanse rapport 1998 – 1. Tar for seg fire naturreservat i Suldal kommune. Overfladisk gjennomgått.

28. Enge, E. og Lura, H. 2003. *Forsuringsstatus i Rogaland 2002*. Ambio Miljørådgivning rapport nr 10014-1. Ikkje gjennomgått i detalj, mulig input til ikke-forsurede restarealer. Ingen lokalitetar blinka ut spesielt.

29. Fylkesmannen i Rogaland Miljøvernavdelinga Rogaland 1989. *Utkast til verneplan for våtmark i Rogaland fylke (del 1 og 2 slått saman til ett dokument)*. Ingen lokaliteter som ligger innanfor SVR sitt forvaltningsområde.

30. Kildal, T. 1982. *Fiskeribiologiske undersøkingar i Dirdalsvassdraget. Konsekvensar av reguleringsinngrep på fiskebestanden 1982*. Lite relevant.

31. Kildal, T. 1983. *Fiskeribiologiske undersøkingar i Dirdalsvassdraget*. Del II 1983. Lite relevant.

32. Fylkesmannen i Rogaland, 1994. *Forvaltningsplan for Vormedalsheia Landskapsvernområde i Hjelmeland kommune, Rogaland*. Kort gjennomgått, fjellkveke er nevnt her, elles generell omtale av vegetasjon men og verneverdig geologi.

33. Fylkesmannen i Rogaland, 1993. *Forvaltningsplan for Kvanndalen landskapsvernområde, Dyråheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde i Suldal kommune, Rogaland*. Generell skildring av viktige vegetasjonsområde s 15, viser og til krysslister. Se på s 15 saman med krysslister frå Audun – godt grunnlag for å legge inn en del grove avgrensingar av kalkområder. Større felt lagt inn her ut frå geologi.

34. Nielsen, T. R., 2000. *Verneplanarbeid Frafjordheiane. Kartlegging av insekter o.a. invertebrater i verneplanområdet år 2000*. Insektregistreringer gjort i delområder i Frafjorddalen – Fidjadalen og Røssdalen. En rekke nye funn for Rogaland, fleire sjeldne og krevende arter, også rødlistearter, som kunne vært med i faktaark for naturtyper i området – rapporten er ikke referert i 20, og data frå 34 er ikkje med i oppdaterte naturtyper (på veg inn i Naturbase) – for nye data gjelder det kun lok ved Mån-Fidjadalen som overlapper, elles data som er relevante for innlagte naturtyper. Dobbeltsjekk om nokre insektartar bør takast med for nye lokalitetar i Røssdalen (ingen raudlista her..).

35. Fylkesmannen i Rogaland, 2001. *Forslag til verneplan for Frafjordheiane*. Ingen naturtypar lagt inn i Røssdalen – stort innslag av alm-lindeskog skildra i verneplanen. Ørestø

har eikeskog og styva eik, lagt inn som hagemark (BN00037831) med ufullstendig skildring – Ørestø verna som naturreservat i 2003. Sjeldne og raudlista arter knytt til lokalitetar er lista på side 15.

36. Eldøy, S. 1978. *Fuglelivet i Fundinglandområdet*. Falco, 1978, s 68-78. Kort gjennomgått.

37. Gaarder, G. og Haugan, R. 1998. *Nøkkelbiotyper i Suldal kommune*. Siste sjanse. NOA-rapport 1998-1. **Ingen lokaliteter som gjelder verneområda**

38. Suldal kommune og Fylkesmannen i Rogaland 2000. *Verdiar i Hamrabøvassdraget, Suldal kommune i Rogaland*. Utgitt av Direktoratet for naturforvaltning i samarbeid med Noregs vassdrag og energidirektorat. VVV-rapport 2000-3. Trondheim 30 sider, 6 kart+vedlegg. **Utenfor verneområda, ikkje gjennomgått i detalj.**

39. Lundberg, A. 2009. *Handlingsplan for dvergmarikåpe, saronnellik, ekornsvingel, islandsgrønkurle, jærflangre, jærtistel og skredmjelt i Noreg*. Direktoratet for naturforvaltning. **Omtale av økologi og forekomst ved Førresjuvet (ikkje verneområda). Viktig grunnlag for evt arbeid med bevaringsmål for skredmjelt.**

40. Oddane, B., Undheim, O. og Undheim, O. 2008. *Kartlegging av hubro på Høg-Jæren – våren 2008*. Naturforvalteren AS rapport 2008 – 3. **Ikkje relevant for verneområda**

41. Waatevik, E. 1977. Lyse kraftverk. *Fiskeribiologiske granskingar 1975. Nilsebuvatn, Breiava, Lyngsvatn, Strandavatn. Hjelmeland og Forsand kommunar*. **Fiskerikonsulenten i Vest-Norge. Ikkje relevant.**

42. Ryfylkemuseet 2007. *Hustveit. Naturvern, kulturvern og friluftsliv*. **Omfatter Jonegarden på Hustveit i Sauda, utenfor aktuelle verneområder.**

43. Gaarder, G., Jordal, J. B., Fjeldstad, H. og Johnsen, J.I. 2010. *Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2009*. Miljørapport nr. 3 – 2010. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavingdelinga. **Data er lagt inn i Naturbase.**

44. Hatleskog, S. og Rønningen, O. *Livet på Mån i Fidjadalen ved århundreskiftet. Intervju med Peder Østebø*.

45. Lundberg, A. 1988. *Brettseilingens virkninger på sjøfugl i Rogaland*.

46. Lundberg, A. 1985. *Botanisk bibliografi for Rogaland 1814 – 1983*. Fylkesmannen i Rogaland. Miljøvernavingdelinga. **Litteraturoversikt for botaniske undersøkelser/rapporter – kommunevis oversikter.**

47. Siste sjanse. 1996. *Nøkkelbiotoper og artsmangfold i skog*. **Generell rapport**

48. Nesland, F. 2009. *Stadnavn fortel*. Artikkel i Jol i Setesdal 2009, s 19 – 21. **Stadnavn og planteliv.**

49. Steinnes, A. 1993. *Skogen i Lund – kulturlandskap i endring*. Haug og Heidni 3 – 1993, s 12 – 22. **Ikkje relevant for verneområda.**

50. Hettervik, G.K. 1996. *Vakre landskap i Rogaland*. Rogaland fylkeskommune 1996. Generell skildring av landskapsverdiar og verdivurdering der dei fleste av verneområda er omtalte.
51. Fylkesmennene i Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland, 1995. *Forslag til verneplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane*. 7. september 1995. Generell omtale av vegetasjonshøva og nokre sjeldne artar på side 10 og 11.
52. Fylkesmannen i Rogaland. Miljøvernabdelingen. 1994. *Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Rogaland*. Del av grunnlag for 50.
53. Enge, E. 2011. *Forsuringsstatus for Rogaland 2007*. Miljønotat 1-2011. Fylkesmannen i Rogaland. Miljøvernabdelingen. Det kan kanskje plukkast ut nokre fleire ikkje-forsura restareal ut frå rapporten, men dette må sjåast i samanheng med kalkingsinnsats. Bør truleg ikkje prioriterast.
54. Steinnes, A. 1991. *Verneverdige barlind- og kristtornforekomstar i Agder og Rogaland*. (Råutkast 1991). NINA-rapport. Ingen lokalitetar i tilknytning til dei aktuelle verneområda.
55. Fylkesmannen i Rogaland. 1993. *Verneplan for Kvanndalen landskapsvernområde, Dyraheio landskapsvernområde og Holmavassåno biotopvernområde i Suldal kommune, Rogaland*. Geologi omtalt s 17, grunnlag for å ta ut kalkrike område i fjellet, og planteliv omtalt på side 19.
56. Eldøy, S. 1977. *Rapport frå zoologisk inventering i Fundingslandsområdet, Rogaland, sommeren 1977*. Rapport som er grunnlag for nr 36. Kort gjennomgått. Omfattar Vormedalsheia i Hjelmeland.
57. Nilsen, M. 1982. *Fiskeribiologiske etterundersøkelser i Årdals og Lyseheiane* Lyse Kraftverk. November 1982. Lite relevant, kort gjennomgått.
58. Fylkesmannen i Rogaland. Miljøvernabdelingen. 1994. *Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Rogaland*. Del A. Ikkje relevant for verneområda.
59. Meidell, O. 1933. *Bier og humler i Rogaland (Apidae, Hym.)*. Stavanger Museums Årshfte for 1932-33. 43. årgang. S 85 – 131. Pionerarbeid om utbreiing av bie- og humlearter i Rogaland.
60. Steinnes, A. og Johnsen, J.I. 1992. 2.-4. august. *Helgetur til søre del av Dyraheio, Suldal kommune*. Artikkel i *Blyttia* nr 2. 1992. s 97 – 98. Med tilhøyrande krysslister. Handskriven versjon med meir utfyllande opplysningar er motteken av John Inge Johnsen. Gitt same nummer
61. Ingvild Kjosavik. 1994. *Bruks- og vegetasjonsendringer i Røssdalen*. Norges Landbrukshøgskole hovedoppgave 1994. Har ikkje fått tak på denne. Ingvild har sjølv eit eksemplar utan fargekoding i kartvedlegg. Mogleg å få låne frå NLH truleg. Alle slåttemarkar og naturbeitemarker hadde stort innhald av artar som og går i skog, så truleg lite å hente i høve til naturtypar i følge henne (Ingvild Kjosavik, 92800077).
62. Ryvarden, L. mfl. 1998. *Soppundersøkelse i Ryfylke*. Artslister frå ulike lokalitetar i Ryfylke oktober 1998. UiO. Relevant for Røssdalen.

63. Branderud, T.E. 1999. *Soppundersøkelser i Suldal 1999*. NINA. **Omfattar ikkje område i dei aktuelle verneområda.**
64. Korsmo, H. 1974. *Naturvernrådets landsplan for edellauvskogsreservater i Norge. Rapport utarbeidet på grunnlag av IBP – CT/ Silva's plantesosiologiske undersøkelser i edellauvskog III Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland*. **Kort gjennomgått men ser ikkje ut til å vere relevant for verneområda.**
65. Korsmo, H. 1975. *Edellauvskogsinventeringer i Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland 1975. Tilleggsrapport i forbindelse med Naturvernrådets landsplan for edellauvskogsreservater i Norge, etter oppdrag frå Avdelingen for naturvern og friluftsliv i Miljøverndepartementet*. **Kort gjennomgått, ser ikkje ut til å vere relevant for dei aktuelle verneområda.**
66. Korsmo, 1978. *Edellauvskogsinventeringer i Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal 1977/78. Rapport utarbeidet på oppdrag frå Avdelingen for naturvern og friluftsliv i Miljøverndepartementet. Vol VI*. **Relevant for ein rik edellauvskog i Røssdalen, Forsand.**
67. Tysse, T. 2000. *Verne- og bevaringsverdier i nedre del av Fraffjordvassdraget*. RC-consultants rapport 1- 38102. **Kort gjennomgått. Truleg er omtalte lokalitetar dekkja av naturtypar.**
68. Bakkevig, S. Årstall? *Tverrsnitt gjennom Rogalands flora. En del omtale av kravfull fjellvegetasjon i Ryfylke, men ikke utfyllende i høve til andre kilder. Spesielt interessant er omtale av krysnings mellom bergjunker og bergfrue (fra Stranddalsområdet). Ellers er omtale av dvergbjørk som en vanleg og truleg oversett art relevant i høve til den nye naturtypen boreal hei som ligg som forslag.*
69. Lunde, J. 2004. *Biologisk mangfald. Myr i Suldal kommune*. Suldal kommune, miljørapport 1/2004. **Ser i hovudsak til å ta for seg myrar utenfor dei aktuelle verneområda, men Kvanndalen og Jonstølen er så vidt omtala.**
70. *Forvaltningsplan for Lusaheia landskapsvernområde*, 1993. **Kort omtale av vegetasjonshøve. Litt meir om geologi.**
71. Steinnes, A. Årstall? *Tverrsnitt av flora og planteliv i Rogaland*. **Omhandlar plantegeografi og vegetasjonsøkologi i Rogaland.**
72. Robberstad, K. og Lura H. 2002. *Vassdrag langs Lysefjorden (Rogaland) – Samanstilling av kjende verneverdiar*. Ambio miljørådgivning rapport 10008 – 4. **Vurderingar av verneverdiar i utvalde vassdrag for eit eventuelt vern i ein Verneplan V.**
73. Marker, E. 1974. *Landsplan for verneverdige områder og forekomster (Rogaland – botanikk)*. Miljøverndepartementet. **Oppsummering av sjeldan vegetasjon i Hjelmeland, Årdalsheiene – Funningsland. Med relevant referanseliste for området.**
74. STF. 1975. *Hovedtrekkene i geologien Kleivaland – Kvanndalen*. **Tverrsnitt av geologi og forklaring av geologiske prosesser i denne delen av Vormedalsheia landskapsvernområde.**

75. Dahl, O. 1906. *Botaniske undersøkelser i Indre Ryfylke*. Et viktig, grunnleggjande registreringsarbeid for ei rekke lokalitetar. Sentralt grunnlagsmateriale for samlekrystliste (19) som er benyttet som kilde for mange av dei nye naturtypelokalitetane.
75. Dahl, O. 1907. *Botaniske undersøkelser i Indre Ryfylke II*. Samme pdf som forrige.
76. Henningsmoen, G. 1952. *Early middle Cambrian fauna from Rogaland, SW Norway*. Artikkel i Norsk geologisk tidsskrift 30, 1952, s 13 – 31. Skildring av fossilfunn ved Ritland, Vormedalsheia landskapsvernområde.
77. Marker, E. 1974. *Landsplan for verneverdige områder og forekomster (Rogaland – botanikk)*. Miljøverndepartementet. Oppsummering av vegetasjon frå Frafjord-Røssdalen og Høgsfjord-området, med referanseliste.
78. Anundsen, K. og Holst Sollie, I. 1987. *Forslag til vern av kvartærgeologiske områder og forekomster i Rogaland*. Miljøverndepartementet rapport T – 678. God oversikt over viktige geologiske forekomster i Rogaland, oversiktskart over lokaliteter på side 3. Lokalitetene er ikke bearbeidet eller overført til kart.
79. Steinnes, A. 1988. *Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland*. Økoforsk rapport 1988: 12. Upublisert. Skjemavedlegg med oppsummering av verneverdier i Kvanndalen.
80. Steinnes, A. 1988. *Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland*. Økoforsk rapport 1988: 12. Upublisert. Skjemavedlegg med oppsummering av verneverdier i Skardheia, Storheia.
81. Steinnes, A. 1988. *Oversikt over botaniske verneverdiar i Rogaland*. Økoforsk rapport 1988: 12. Upublisert. Skjemavedlegg med oppsummering av verneverdier i Håvistøl-Raudfjell.
82. Abrahamsen, J., Pallesen, P.F. og Solbakken, T. 1972. *Fylkeskompendium for Rogaland. Om naturvitenskapelige interesser knyttet til uregulerte og «ubetydelig» regulerte vassdrag. Bind I*. Kontaktutvalget for vassdragsreguleringer Universitetet i Oslo 1972. Mange interessante mosefunn frå Espedal-Røssdalområdet er lista på s 153 i rapporten, men det er uvisst om artane er funne ved Espedalsvatnet eller i Røssdalenområdet. Nærare undersøkingar av referansane i på same side i dokument kan kanskje avklare dette nærare. Fleire interessante lav- og moseartar er og lista for Frafjord og Dirdal, men ut frå dokumentet er det vanskeleg å stadfeste til lokalitetar. God skildring av geologiske høve, men omfattar ikkje alle delar av verneområda. Finst det fleire bind?
83. Tysse? Appendix 6. Artsvis omtale. Kort omtale av rovfuglar, lite relevant.
84. Bruteig, I.E., 1992. *Terrestrisk naturovervaking. Epifyttisk lav på bjørk – landsomfattande kartlegging 1992. Programrapport nr 46*. Allforsk. Ikkje relevant for naturtypekartlegging.
85. Halvorsen og Lima, 1984. *Bidrag til floraen i Rogaland II*. Artikkel i Blyttia 42: s 6-12, 1984
86. Halvorsen og Lima, 1981. *Bidrag til floraen i Rogaland*. Artikkel i Blyttia 39: s 199 – 208, 1981

87. Lye og Lima, 1974. *Nye plantefunn for Rogaland 1966-1973*. Artikkel i Blyttia 32: s 169 – 180, 1974.
88. Stavanger turistforening 1970. *Dyraheio i forvandling*. Stavanger Turistforenings årbok 1970. **Ikkje skanna, bok. Ikkje gått gjennom i detalj.**
89. Stavanger turistforening 1991. *Hjelmeland. Fra Børøy til Blåfjell*. Stavanger Turistforenings årbok 1991. **Ikkje skanna, bok. Ikkje gjennomgått i detalj. Blant anna omtale av vegetasjonen på Øyastølsmyra, liaene rundt, og at det skal vere små rikmyrar ved Stråpastøl og Bjødnabu, blant anna med reinrose!**
90. Moen, A. *Myrer og andre naturverdier som bør fredes i Hjelmeland*. Særtrykk av Stavanger Turistforenings årbok 1971. **Omtale av Øyastølmyra, kjeldane omkring, sjeldne fjellplanter i området lenger aust (fjellnøkleblom, snømare og skredarve) og omtale av fossilførande fyllitt.**
91. Reve, T. 1988. Kryssliste frå Suldal, Sandavatnet. **Krysslistene frå 91 til 105 er ikkje gått gjennom i detalj i høve til samlekysslister (19) som i hovudsak er nytta for nye naturtypeskildringar. Det er teke nokre stikkprøvar frå einskilde av listene, men truleg kan nokre fleire artsregistreringar hentast om ein går nøye gjennom alle listene. Dette er ikkje gjort sidan det vil vere svært tidkrevande.**
92. Reve, T. 1988. Kryssliste frå Suldal, Moakvelven.
93. Kryssliste frå Suldal, 1991. Mostøl-Raudnut.
94. Kryssliste frå Suldal, 1991. Bleskestadmoen.
95. Kryssliste frå Suldal. Moakvelven. Øvre Moen.
96. Kryssliste frå Suldal. Napen Buarekvelven.
97. Kryssliste frå Suldal. Fagerstølen.
98. Kryssliste frå Suldal. Stranddalen.
99. Kryssliste frå Suldal. Fagerstølen. **Ulik nr 97.**
100. Kryssliste frå Suldal. Napen.
101. Kryssliste frå Suldal. Stranddalen. **Ulik 98.**
102. Kryssliste frå Suldal. Kvanndalen.
103. Kryssliste frå Suldal. 1991. Johnstøl (-Raudnut).
104. Kryssliste frå Suldal. Prostøl.
105. Sørum, T. og Gluva, M. 1991. Kryssliste frå Suldal. Grønafjell.
106. Meyer, O. B. og Botnen, A. 1983. *Flora og vegetasjon i Kvanndalen, Suldal,*

indre Ryfylke. Botanisk institutt. Rapport 31. Universitetet i Bergen.

Har ikkje funne denne rapporten, men han er truleg sentral i høve til Kvanndalen. Samlekrysslister (19) er blant anna basert på denne, så mange av artsregistreringane er truleg fanga opp.

107. Voith, R. og Berggren, K. 2006. *Stranddalen. Sommerfuglfaunaen i 2005*.

108. Kryssliste frå Ove Førland. 5869 – *Grønaheia – Hjelmeland – Rogaland*. 14.07.2007.

109. Kryssliste frå Ove Førland. 6173 – *Grånibba – Hjelmeland – Rogaland*. 13.07.2007.

110. Kryssliste frå Ove Førland og Leiv Krumsvik. 8517 – *Flesa – Suldal – Rogaland*. 02.09.2006.

111. Kryssliste frå Ove Førland og Leiv Krumsvik. 5565 – *Stranda – Hjelmeland – Rogaland*. 08.07.2009.

112. Kryssliste frå Ove Førland og Leiv Krumsvik. 5465 – *Lensmannshidleren – Hjelmeland – Rogaland*. 08.07.2009.

113. Åsen, P.A. *Planteliv i Villreinens rike*.

114. Tysse, 2000. *Rovfugl og lom i Fraffjordheiene – en utredning i forbindelse med utarbeiding av verneplan*. Ikke relevant i forhold til naturtyper. Skannet versjon har ikke riktig rekkefølge på sider. Begrenset offentlighet!

115. Aasland, T., Sunde, H.I., Skarpnes, O. 1995. *Forslag til verneplan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiene*.

116. Kyrvestad, S. 2006. *Forvaltningsplan for fisk – Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde*.

117. Gaare, E. & Skuterud, L. 2008. *Radiocesium i villreinkjøtt – Overvåking av kjøtt og lav i villreinområder i 2008*. NINA rapport 446.

118. Hjeltne, A. 2006. *Høyoppløselige bilder som grunnlag for overvåking av endringer i fjellvegetasjon – Skisse til nytt registreringssystem*. Avdeling for allmennvitenskapelige fag (Bø). HIT skrift nr. 1/2006.

119. Åsen P.A. 2008. *Vegetasjon og Flora i Setesdal Vesthei*.

120. Åsen P.A. 1995. *Setesdal Vesthei – Vegetasjon og flora*.

121. Kryssliste Åseral. 2008.

122. Registreringar i Artskart.

123. Opplysningar frå John Inge Johnsen.

124. Feltregistrering i samband med bevaringsmål for skredmjelt og norsk malurt, Knut Børge Strøm og Ove Førland 01.09.2014.

125. Opplysningar frå Alf Odden.

126. Opplysningar frå Ove Førland.

127. Sigmondi; E.M. 1975; *Berggrunnskart Sauda; NGU*. Tilgjengeleg som WMS lag hjå NGU.

128. Ryvarden, L. & Kaland, P.E. 1968. *Artemisia norvegica* funnet i Rogaland (foreløpig meddelelse). Blyttia. 26: 75-84. **Artikkel ikke funnet.**

129. Lye, K.A. 1970. *The horizontal and vertical distribution of oceanic plants in south west Norway and their relation to the environment*. Nytt Mag. Bot. 17, 25 – 48.

130. Kaalaas, B. 1887. *Ryfylkes mosflora*. **Ikke gjennomgått i detalj. Skannet versjon har vilkårlig siderekkefølge.**

131. Roaldkvam, R. 1979. *Rapport fra zoologiske inventeringer i Fraffjordheiane 1979*. **Ikkje relevant i forhold til naturtyper. Kort gjennomgått.**

132. Haugthom, G.A. 1994. *Brukerinteresser og arealkonflikter i Fraffjordheiene. Med vekt på villrein, sauebeiting og friluftsliv. – En GIS basert oppgave*. Telemark distriktshøgskole. **Kort gjennomgått. Skannet versjon ufullstendig.**